



Innkalling for Kommunestyret i Radøy

Møtedato: 21.06.2018
Møtestad: Kommunestyresalen
Møtetid: 18.00

Saksliste:

Saksnr	Tittel
015/2018	Meldingar og referatsaker
016/2018	Søknad om fritak frå politiske verv - suppleringsval
017/2018	Val av medlemar til kontrollutvalet i Radøy
018/2018	Kommunedelplan helse, sosial og omsorg for Radøy kommune perioden 2018-2028
019/2018	Plansak 12602016000600 - Områdeplan bustadområde Haukeland Søndre - framlegg til endeleg planvedtak
020/2018	Plansak 12602017000600 - Detaljregulering - Mangervåg kloakkanlegg - godkjenning
021/2018	Byggesak - Byggje- og deleforbod - Kulturminne - Radøy
022/2018	Rekneskap og årsmelding 2017
023/2018	Disponering av mindreforbruk 2017
024/2018	Tertialmelding januar - april 2018
025/2018	Budsjettregulering vår 2018
026/2018	Økonomiplan 2019 - 22
027/2018	Utviding av IKT-samarbeidet - konseptstudie
028/2018	Etablering av Nordhordland brann og redning

Spørjetime: Det blir spørjetime kl. 18.00. For utfyllande svar må spørsmål vera på rådhuset seinast 48 timar før spørjetimen tar til. Siste frist for å melda inn spørsmål er seks timar før møtestart.timer

Den som har lovleg forfall eller er ugild i nokon av sakene må melda i frå til kultur- og sørvistorget så snart som råd, tlf 56 34 90 00. Varamedlemmer møter etter nærare innkalling.

15. juni 2018

Jon Askeland
ordfører

Arthur Kleiveland
utvaldssekretær

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
015/2018	Kommunestyret i Radøy	PS	21.06.2018

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Arthur Kleiveland	18/1512	18/8088

Meldingar og referatsaker

Saksopplysingar:

Det vert lagt fram følgjande meldingar og referatsaker:

- a. IUA – protokoll årsmøte 23. april 2018
- b. Stiftinga Kystsogevekene – referat representantskapsmøte 5. mai 2018
- c. KLP – resultat 2017
- d. NGIR – referat representantskapet 5. mars 2018
- e. NGIR – årsmelding 2017
- f. Fellesnemnd for Alver kommune – møtebok 4. juni 2018

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Meldingar og referatsaker vert tekne til orientering.

Vedlegg:

IUA Årsmøte 23.04.2018 Signert protokoll

Stiftinga Kystsogevekene_referat representantskapsmøte

KLP_resultat 2017

NGIR Referat representantskapet 05.03.18 signert (L)(174493)

NGIR_årsmelding 2017

Fellesnemnd for Alver kommune_møtebok 4_juni 2018

Budsjettbrev Radøy _ fylkesmannen i Hordaland

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
016/2018	Kommunestyret i Radøy	PS	21.06.2018
024/2018	Formannskapet i Radøy	PS	19.04.2018
031/2018	Formannskapet i Radøy	PS	07.06.2018

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Arthur Kleiveland	16/1497	18/5520

Søknad om fritak frå politiske verv - suppleringsval

Saksopplysingar:

Arne Manger har søkt om fritak frå politiske verv i Radøy kommune ut denne valperioden. Bakgrunnen for søknaden om fritak er at han skal flytta ut av kommunen.

Arne Manger representerer Senterpartiet, og har i denne perioden følgjande verv:

- 4. varamedlem til kommunestyret
- 1. vara til kontrollutvalet
- 1. varamedlem til kommunal klagenemnd

Arne Manger opplyser at flyttedato blir ca 22. juni. Men på grunn av mykje arbeid med flytting osv, så ber om fritak frå politiske verv frå og med 31/5-2018.

Ved flytting ut av kommunen skal vedkomande representant tre ut av sine verv jfr KommuneLOVA § 15 nr 1.

Når eit varamedlem til kommunestyret går ut, vil det bli automatisk opprykk på varalista til den

Det skal gjerast suppleringsval til kontrollutvalet, der Arne Manger er 1. varamedlem.

Det skal også gjerast suppleringsval for Arne Manger som 1. varamedlem til kommunal klagenemnd.

Kommunestyret skal avgjera søknaden om fritak og skal gjera suppleringsval. Det er formannskapet som valnemnd som kjem med innstilling til kommunestyret.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan framlegg til vedtak.

Formannskapet i Radøy - 024/2018

FS - handsaming:

Ordførar Jon Askeland sette fram forslag om å utsetja saka.

Formannskapet vedtok framlegg sett fram i møtet.

FS - vedtak:

Saka vert utsett.

Formannskapet i Radøy - 031/2018

FS - handsaming:

Senterpartiet sette fram følgjande framlegg til suppleringsval:

Arne Manger får fritak frå sine politiske verv i Radøy kommune.

Kjersti Haugland erstattar Arne Manger i dei verva han har.

Formannskapet som valnemnd vedtok samrøystes framlegg til vedtak.

FS - vedtak:

Arne Manger får fritak frå sine politiske verv i Radøy kommune.

Kjersti Haugland erstattar Arne Manger i dei verva han har.

Vedlegg:

Søknad om fritak frå politiske verv

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
032/2018	Formannskapet i Radøy	PS	07.06.2018
017/2018	Kommunestyret i Radøy	PS	21.06.2018

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Arthur Kleiveland	16/1497	18/8372

Val av medlemmar til kontrollutvalet i Radøy

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Leiaren i kontrollutvalet i Radøy, Arild Tveranger, har meldt frå om at han har flytta ut av kommunen og søker om fritak frå politiske verv i Radøy kommune.

Ved utskifting av eitt eller fleire medlemmar i Kontrollutvalet skal det gjerast nyval av samtlege medlemmar i utvalet, jf Forskrift om kontrollutval § 3:

Kommunestyret eller fylkestinget kan når som helst foreta nyvalg av utvalgets medlemmer. Ved utskifting av ett eller flere medlemmer av utvalget skal det foretas nyvalg av samtlige medlemmer i utvalget.

Kommunestyret må dermed velja medlemmar og varamedlemmar til kontrollutvalet, og skal også velja leiar og nestleiar i utvalet.

Saka vert lagt fram for formannskapet som valstyre, som skal koma med innstilling til kommunestyret.

Arild Tveranger er også 1. varamedlem til kommunestyret. Han vart valt inn på Frp si liste ved kommunevalet, men er i dag uavhengig representant. I følgje Kommunelova skal det vera automatisk opprykk på varalista frå same gruppering han er valt inn for.

Saka vert lagt fram for formannskapet (valstyret).

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram for valstyret utan tilråding

Formannskapet i Radøy - 032/2018

FS - handsaming:

Formannskapet sette fram følgjande felles framlegg:

Arild Tveranger (Uavh.) får fritak frå politiske verv i Radøy kommune.

Formannskapet som valnemnd sette fram følgjande fellesframlegg til val av medlemmer/varamedlemmar til kontrollutvalet:

Medlemmar:

Astrid Nordanger (AP)
David Pletten Aasgard (KrF)
Siv Beate Marøy (H)
Cyril Marøy (SP)
Nils Bård Nødtvedt (Frp).

Varamedlemmar:

1. Karolina Vaktskjold (H)
2. Kjersti Haugland (SP)
3. Sven Olav Saltnes (AP)
4. Rune Mellingen (KrF)
5. May Iren Sylta (SP)

Astrid Nordanger (AP) vert valt til leiar i Kontrollutvalet.

David Pletten Aasgard (KrF) vert valt til nestleiar i Kontrollutvalet.

Formannskapet vedtok samrøystes å innvilga søknaden frå Arild Tveranger om fritak frå politiske verv i Radøy.

Formannskapet (som valnemnd) vedtok samrøystes framlegg til medlemmar og varamedlemmar i Kontrollutvalet.

FS - vedtak:

Arild Tveranger får fritak frå politiske verv i Radøy kommune.

Medlemmar og varamedlemmar i Kontrollutvalet i Radøy:

Medlemmar:

Astrid Nordanger (AP)
David Pletten Aasgard (KrF)
Siv Beate Marøy (H)
Cyril Marøy (SP)
Nils Bård Nødtvedt (Frp)

Varamedlemmar:

1. Karolina Vaktskjold (H)
2. Kjersti Haugland (SP)
3. Sven Olav Saltnes (AP)
4. Rune Mellingen (KrF)
5. May Iren Sylta (SP)

Astrid Nordanger (AP) vert valt til leiar i Kontrollutvalet.
David Pletten Aasgard (KrF) vert valt til nestleiar i Kontrollutvalet.

Vedlegg:

Søknad om fritak - Arild Tveranger

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
042/2018	Formannskapet i Radøy	PS	07.06.2018
018/2018	Kommunestyret i Radøy	PS	21.06.2018

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Grete Algrøy Herøy	17/1089	18/7934

Kommunedelplan helse, sosial og omsorg for Radøy kommune perioden 2018-2028

Saksopplysingar:

Bakgrunn :

I kommunal planstrategi for 2016-2019 er det lagt til grunn at det skal utarbeidast kommunedelplan for helse og omsorg. Etter gjeldande retningslinjer vart det (i F sak 45/2017 1.6.2107– K sak 29/17 15.6.2017) vedteke planprogram for arbeidet. RO senteret (ressurscenteret for omstilling) har vore konsulent i planarbeidet som starta opp 5.januar 2018. Det vart då arbeidd intenst med planen gjennom fleire heildagsmøter (6. og 7. februar) , og deretter følgd opp med lokale arbeidsøkter 8. og 21. mars. Alle einingsleiarar for tenester under helse og omsorg har medverka i prosessen. Hovudtillitsvald for Fagforbundet har delteke i arbeidet. I perioden med arbeid med planen, har det vore skifte i stillinga som kommunalsjef.

Planen vart lagt fram til Råd for menneske med nedsett funksjonsevne og Eldrerådet i møte 30.4.2108., Råda slutta seg til planen slik den låg føre.

Vurdering.

Helse og omsorg er eit komplekst tenesteområde, men mange brukarar i alle aldrar og med eit utall av oppgåver som skal løysast heile døgnet, heile året. Som det går fram av planen er det ei rekkje lover, stortingsmeldingar og planar som ligg til grunn for arbeidet som kommunane skal utføra.

Utviklinga går raskt og brukarmassen er i endring. Det er mange krav både frå brukarar, pårørande og tilsette som til saman skal sikra eit så godt liv som råd for dei innbyggjarane som treng det. Planen prøver å fange opp og gje svar på ein del av dei problemstillingar som ligg i framtida.

Ein sentral målsetjing er at ingen avgjerd skal bli teken utan at brukaren sjølv er involvert. Som tenesteytar er motto at ein alltid skal sjå det mogelege i situasjonen. Det er ingen revolusjon i dette, men det er ei tydeleggjering av brukarperspektivet og målet om at alle situasjonar kan løysast.

Nokre gonger tek det meir tid og ressursar enn ein er budd på. Likeeins er begrepet saumlause tenester blitt brukt fleire gonger, noko som indikerer at ein så langt det er råd ser over vanlege opptrakka grenser mellom tenestene og ser på mulige løysingar saman og på tvers av avdelingar når det er tenleg og mogeleg.

Dei sentrale omgrepa i planen er:

- o Auka satsing på folkehelse/førebygging, tidleg innsats og aktiv omsorg.
- o All tenesteutøving skal støtta opp under brukar og pasientane sine eigne ressursar, kvardagsmeistring – hjelp til sjølvhjelp.
- o Yta tenester etter beste effektive omsorgsnivå (BEON-prinsippet).
- o Satsa på kvalitetsutvikling, kompetanse, rekruttering og halda på medarbeidarar.
- o Gjennomgang av rutinar og system for tildeling av tenester for å sikra ein heilskapleg praksis for vurdering og tildeling.
- o God informasjon og kommunikasjon om tenestetilbodet.
- o Etablera ein «saumlaus» praksis mellom einingane der dette er nødvendig. Gjeld på system- og individnivå.
- o Etablera eit gjensidig godt samarbeid med frivillige og næringslivet.
- o Etablera ei forståing for at kontinuerleg utvikling / forbetring er nødvendig

Kva er viktig eller viktigast i Radøy framover:

Samla er dei mest sentrale utfordringane i dei 4 første åra i planperioden (ikkje i prioritert rekkefølge) :

- Leiar-medarbeidarskap
- Ansvarleggjering – ansvar for eige liv
- Politisk «ryggdekning»
- Individuelt tilrettelagte tenester, kompetanse og samhandling
- Ta i bruk velferds- og smartteknologi
- Redusere sjukefråværet
- Turnover
- Heil-deltid, rekruttering
- Fastlegeordninga

I 8 års perioden:

- Rekruttering
- Sikre tilgang på nødvendig kompetanse
- Tilgang til «like» tenester i Alver kommune

Strategiar for å nå måla:

Det er lista opp 9 område som satsingsområde i planperioden. Mykje av dette gjer ein alt i dag, men

det er nødvendig å framleis styrka desse områda. Kvant av områda er nærare omtala og utdjupa i planen.

1. Førebygging
2. Tidleg innsats
3. Kvardagsmeistring
4. Frivillig arbeid
5. Velferdsteknologi
6. Innovasjon
7. Kompetanse
8. Rekruttering
9. Omdømme

Av handlingsplanen (sist i dokumentet) er tiltak lista opp under kvar sin kategori med ansvar og økonomi plassert slik ein planlegg å løysa dei problemstillingane som er kome opp.

Mange av tiltaka skal gjerast innanfor eksisterande rammer, nokre har mindre økonomiske konsekvensar og nokre er MÅ oppgåver som m.a. kjem som følgje av endringar i lov/forskrift. I Primærhelsemeldinga er det slått fast at kommunane har ansvar for å ha kommunale ergoterapeutar med verknad frå 2020. Det er ei ny oppgåve som det er lagt inn pengar til i handlingsplanen alt i 2019, for å koma i gang snarast råd. Velferdsteknologi er ei stor satsing som går vidare inn i åra som kjem. Sentrale områda i planen er å behalda og utvikla vidare gode og saumlause tenester og vera framtidsretta i bruk av velferdsteknologi.

Folkehelse: Denne planen har mykje folkehelse i seg. Her er det i større grad enn før, lagt vekt på både godt førebyggingsarbeid og på det ansvaret den einskilde har for å ivareta eigne funksjonar så godt som råd og så lenge som råd.

Økonomi: Planen har økonomiske konsekvensar over mange år. Målet er at dei tiltaka som er lista opp i handlingsplanen sin økonomidel vert tekne med vidare inn i kommunen sin økonomiplan for dei komande åra. For 2019 ser planen slik ut:

- Vidareføra friskliv- og mestringstilbod	kr 100.000
- Samlokalisere dag/aktivitetstilbod	kr 250.000
- Fødselsførebuande kurs	kr 50.000
- Tilbod om førebyggjande heimebesøk til eldre	kr 300.000
- Systematisk integrering av flyktningar	kr 650.000
- Oppfølging av personar med låg bukompetanse	kr.650.000
- Diverse kompetansetiltak	kr 120.000
- Heilskapleg organisering av rustenesta	kr 400.000
- Velferdsteknologi	kr 800.000
- Ergoterapeut	kr 600.000

På punktet oppfølging av personar med låg bukompetanse er eit skrikande behov for snarleg tiltak, og her er det lagt inn pengar alt for inneverande år.

Konklusjon

Delplanen har mange gode og store målsetjingar som krev ressursar på ulike område om vi skal lukkast i arbeidet med å ha ei framtidsetta, kompetent og brukartilpassa teneneste. Det er ei rekkje krav som skal innfriast og vi vil gjerne gje innbyggjarane gode tenester og dei tilsette gode arbeidsforhold for å utføra desse. Økonomi er avgjerande for at mange av tiltaka kan gjennomførast.

Formannskapet vedtok den 19.04.18 å leggje planen ut på høyring. Planen vart lagt ut på høyring, i perioden 23.april – 1.juni. Alle aktuelle lag og organsisasjonar i Radøy og Fylkesmannen har fått planen til uttale.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne og Eldrerådet handsama planen i sitt møte 30.4.2018 og gjorde følgjande vedtak:

Råd for RMNF - vedtak:

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne stiller seg bak framlegget til kommunedelplan for helse, sosial og omsorg 2018 – 2028.

Det er ikkje kome inn nokon høyringsuttalar innan saka vert skreve, og høringsfristen er ikkje ute. Av tidsmessige grunnar vert den likevel sendt til Formannskapet til vidare handsaming. Dersom det kjem inn uttalar, vil desse anten verta ettersende eller lagt fram i formannskapsmøtet.

Det ikkje noko anna å tilføye til planen no enn då formannskapet sist handsama planen og vedtok at den skulle leggjast ut til høyring. Dersom det kjem innspel, må desse vurderast innarbeidd før planen vert endeleg handsama i kommunestyret.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunedelplan for helse, sosial og omsorg i Radøy kommune for perioden 2018-20128 vert godtkjent slik den ligg føre.

Formannskapet i Radøy - 042/2018

FS - handsaming:

Ordførar Jon Askeland sa at det blir lagt opp til ei grundig orientering om kommunedelplanen for helse, sosial og omsorg i kommunestyret.

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

FS - vedtak:

Kommunedelplan for helse, sosial og omsorg i Radøy kommune for perioden 2018-20128 vert godtkjent slik den ligg føre.

Vedlegg:

Kommunedelplan for helse og omsorg for 2018-2028 (L)(171172)

Radøy kommune - Høringsutkast- Kommunedelplan helse og omsorg

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
050/2018	Hovudutval for plan, landbruk og teknisk	PS	13.06.2018
019/2018	Kommunestyret i Radøy	PS	21.06.2018

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Rolf Raknes	16/916	18/8269

Plansak 12602016000600 - Områdeplan bustadområde Haukeland Søndre - framlegg til endeleg planvedtak

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Tiltakshavar er Frida Namtveit som er grunneigar i området. Det er ARD arealplan ved Hedvig Godvik Olsen som er plankonsulent. Det vart initielt søkt om detaljregulering av eit mindre område, men i møte med kommunen vart det konkludert med at det var naudsynt å sjå heile bustadområde B6 i Kommundelplan sør i heilskap. Det vart difor bestemt i oppstartmøte at planen skulle utførast som områderegulering. Ein områdereguleringsplan vert rekna som ein kommunal plan, men kan utarbeidast av private.

Plankonsulent har gjennomført kunngjering av oppstart 24.06.16. Det kom inn 7 merknader.

Arkeologisk registrering vart gjennomført 09.05.-10.05, 15.05.-16.05. og 19.05.2017. Under registreringa vart det påvist to automatisk freda kulturminne, eit aktivitetsområde frå bronsealder-jernalder og ein steinalderbuplass.

Områdeplanen var på offentleg høyring og ettersyn i perioden 11.12.17 til 26.01.18. Det kom inn 11 merknader til planen.

Vurdering

Merknader i samband med offentleg høyring og ettersyn:

Sofie og Johannes Vågenes 24.01.18:

1. Meiner det vil vere ei dårleg utnytting av området på deira eigedom dersom ein delar eigedomen i to teigar – med utbygging i midten – utan å få ei vegframføring som går vidare frå det innteikna trasévalet på reguleringsplanen. Ei betre løysing hadde vore å få ei vegframføring som kjem inn att

på markevegen i nord-aust.

2. Som grunneigar av grunnen for det nedlagte leidningsnettet, har dei gjort avtale med eigar av gnr. 84 bnr. 12 om kun å legge kloakk og vassleidning fram til hans private tomt (84/12) gjennom anleggsveg til nautsområde. Noko anna enn dette er ikkje avtalt.

3. Når ein privat utbyggjar regulerer inn tomtar for bustader i privat regi, og råkar deira utmark, og ein i reguleringsplanen kan lese at utbyggjar tilbyr tilkopling for vatn og avløp til områdets innbyggjararar, ynskjer dei ei presisering av korleis ein tenkjer seg dette gjort.

4. Viss det er ynskjeleg for andre/kommande bustader, og det vert utbygging på deira grunn, meiner dei at det i samband med vegframføring og avløp til desse bustadene, av miljøomsyn bør plasserast eit reinseanlegg på deira grunn i sør-vest der det i dag går avlaupsleidning til sjø i Slagstømyra. Etter det dei har høyrst, er det under planlegging ein kommunal vassleidning frå Vetås, langs fylkesvegen og fram til Haukeland. Viss dette er rett, meiner dei at det vil vere naturleg å føre denne leidningen fram til tomtane i same grøft som avlaupet går ned til reinseanlegget. Vegen som er skissert på plankartet på deira eigedoms vestsida av bustadområdet, kan då forlengast vidare mot nordvest og ta med vass- og avlaupsleidningar frå tomtane og andre som ønskjer tilknytning til reinseanlegget.

Kommentar frå forslagstillar:

1. Litt usikker på kva dei meiner med deling av eigedomen deira i to teigar med utbygging på midten, men reknar med at det er BFS13 dei viser til. Vegen f_SV5 er ført fram slik den er på plankartet etter krav frå kommunen då ein måtte sikre tilkomst til alle tomtane innanfor BFS13. Sjølv om vegen ikkje er teikna vidare inn på den midtre tomten innanfor BFS13 er det fult mogleg å opparbeida ein veg her som går mot nordvest. Ein har valt og ikkje teikne vegen vidare slik at ein vil ha fleire moglegheiter ift. kvar vegtraseen vil gå. Nordre del av tomte deira er ikkje teke med i planforslaget då denne delen ikkje ligg innanfor bustadføre mål i kommuneplanen og er avsett til LNF område.


2. Evt. andre naudsynte avtalar må løysast privatrettsleg mellom partane.

3. Dette må løysast privatrettsleg mellom partane. Utbyggjar kan ikkje gjere tiltak på annan manns eigedom utan at det føreligg avtale om dette.

4. Kan bli lagt til i føresegnene at det kan tillast med reinseanlegg innfor området som det viser til.

Kommentar frå rådmannen:

1. Plangrensa samsvarer med område avsett i kommunedelplan for Radøy sør. Denne vedtekne arealbruken i overordna plan gjev som resultat at nordre del av eigedomen er avsett til LNF (Landbruk, natur og friluftsliv). Rådmanen vurderer at grunneigar har fått innregulert bustadareal i høve til rammer i overordna plan og i høve til omsyn til kulturminne i området. Løysinga med tilkomst på veg f_SV5 er turvande.



2. Må løysast privat

3. Reguleringsplan gjer det mogeleg for utbygging. Slik utbygging kan ikkje finna stad før det er etablert private avtalar mellom partane.

4. Tekniske løysingar for området må sjåast i samanheng med hovudplan for vatn og avlaup. Det er også utarbeidd forslag til VA løysing som ligg som vedlegg til reguleringsplanen. Rådmannen vurderer at dette er turvande for planen. Detaljering og prosjektering av VA anlegg må gjerast i samband med utbygging og byggjesakhandsaming.



Oddvar Haukeland 29.12.17:

1. Det er teikna inn leikeplass og uteopphaldsareal, f_BLK2 og f_BUT6 på hans eigedom, 84/3. Uttalar at han har planar om å detaljregulere for frittliggjande bustader ein gong i framtida og vil av den grunn ikkje utan vidare godta planen slik den ligg føre.

2. Som eigar av delar av tilkomstveg til aktuelt område, reknar han med å bli kontakta i høve


oppgradering av vegen.

Kommentar frå forslagstillar:

1. Haukeland har vorte spurt i oppstarten av planarbeidet om han ville vere med i planen, men hadde ikkje ønske om dette og har heller ikkje tidlegare uttrykt ynskje om å utnytte tomta si til bustader. Ein har i samråd med kommunen vurdert at f_BLK2 og f_BUT6 ikkje er egna for bustadbygging. f_BLK2 ligg i bratt terreng mellom to vegar, samt er austvendt. f_BUT6 ligg i ein dump med dårlege utsiktsforhald. Det går også ein liten bekk gjennom området som er viktig å oppretthalde ift. avrenning og overvannshandtering. Dette området vert også brukt til leik av born i dag. Haukeland har vidare fått tilrettelagt sin del innanfor BFS13 til bustad.

Kommentar frå rådmannen:

1. Rådmannen er samd med planleggar når det gjeld arealbruk. Området er ikkje spesielt eigna for bustader der f_BLK2 og f_BUT6 er plassert. Det er også viktig å sikre ei grøn åre i dalføret der vegen går. BUT området er planlagt for fleire typar bruk knytt til fritid. Det skal og vera mogeleg å etablere parkering for turgåarar området. BLK området er avsett til leik. Dette området ligg lunt i terrenget og har kvalitetar som gjer at det vert brukt av born no. Området ligg sentralt og kan mellom anna vera med å stetta krav til leikeareal for den delen av eigedomen som er regulert til bustad (BFS13)



Ronny Rath 21.01.18 :

1. Helling på veg etter avkjørsel fylkesvei er større enn 1:8
2. Auka trafikk frå Vetåskrysset og ned til Radøygruppen der veg ikkje har gangfelt og er 80 sone. Vegen er p.d.d. i veldig dårleg stand. Skuleborn går veldig utsett til når dei går til og frå skulebuss og elles i fritida pga. manglande gangfelt. Når dei startar i 8. klasse og når barneskuleelevar har symjing på Manger må dei gå i frå Vetåskrysset. Det er mykje tungtraffikk på vegen.
3. Er bekymret for auka trafikk på ei allerede utsatt strekning, dersom områdeplanen blir godkjent.
4. Sikringstiltak på eksisterende veg Vetåskryss- Radøygruppen må/bør utførast før utbygging startar.

Kommentar frå forslagstillar:

1. Vegen er justert noko slik at den ikkje vert brattare enn 1:8.
2. Områdeplanen legg berre opp til ei begrensa trafikkauke, 6 nye bustader. Dette vil berre føre til ein auke i ÅDT på Vetåsvegen frå 420 til 441 som ein ikkje ser på som ei vesentleg trafikkauke. Vegange innad i planområdet der det vil bli ei trafikkauke vil bli utbetra og få fortau. I haldeplassregisteret til Skyss er det i dag registrert to haldeplasser ved innkjørselen til planområdet langs fylkesvegen. Av uvisse grunnar vert ikkje desse busshaldeplassane nytta. Ein har imidlertid fått aksept frå skyss om at dei ikkje har nokon innvendingar på at kommune kan setje opp busskilt på desse haldeplassane slik at dei kan nyttast igjen. Det ligg vidare ein godkjend reguleringsplan for fylkesvegen der det blant anna er regulert inn fortau. Det er ikkje områdeplanen sitt ansvar å bygge fortøuet som ligg i denne planen.
3. Sjå svar i pkt. 2.
4. Sjå svar i pkt. 2.

Kommentar frå rådmannen:

1. Viser til vedlagte lengdeprofilar for veg
2. Rådmannen er samd i at hovudvegen frå Vetåskrysset til planområdet ikkje er av god standard. Det er likevel ikkje ein stor auke det vert planlagt for. Det må leggast til grunn at omsyn til transport har vore vurdert i samband med vedtak i overordna plan (B6). Rådmannen har heilt sidan planoppstart vore klar på at heile området B6 skulle planleggast, dette for å gje ei heilskapeleg og berekraftig avgrensing av utbygging i dette området. Gjennom planlegginga har ein no avklart kva område som er eigna for utbygging til bustad og kva område som må vernast, og som bør vera grønne (natur og landbruk). Hovudvegen har sin eigen plan som regulerer utbetring av den. Denne planen løyser tilhøva for mjuke trafikantar lokalt. Rådmanne oppmodar om at busshaldeplassane vert skilta og plassert på eigna stad i høve til bygnaden. Skuleskyss med buss må etablerast heilt fram til området for tur og retur.
3. som 2
4. som 2

Atle Johnny Vetås 12.01.18 :

1. Uttaler at 2/3 av tomten hans, 85/2, er regulert til LNF område, resterande 1/3 er regulert til bustad.


2. Det har vore eit problem med regnvatn på tomta som ikkje renner vekk, slik at den framstår meir som ei myr enn dyrka mark. Grunna dette eignar tomta seg best til bustadføremål og Vetås ynskjer såleis å setje opp ein tomannsbustad på tomta.

Kommentar frå forslagstillar:

1. Den delen av tomta til Vetås som er regulert til LNF føremål er registrert som jordbruksareal/dyrka jord. Det var grunna dette gitt krav frå Radøy kommune om at tomta måtte regulerast til LNF føremål.

Kommentar frå rådmannen:

1. Arealet er i AR5 klassifisert som dyrkamark. Tilhøva omkring drenering er noko som uansett må løysast. På ortofoto frå 2015 ser det ut til at området er høsta for gras, og har karakter av å vera innmark. Rådmanen vil at området framleis skal nyttast til LNF, og samstundes bør utbetring av avkjørsle gjerast mest mogeleg skånsom i høve til bruk av landbruksjord.



Statens vegvesen 24.01.18 :

1. Det vert lagt til rette for at avkjørsle frå fylkesveg skal utbetrast, men at fylkesvegen forbi planområdet ikkje vert bygd no. Dette kan vere ei akseptabel løysing for den planlagde utbygginga så lenge ein ikkje veit kor tid fylkesvegen vert utbeta. Dersom det vert planlagt for ytterlegare utbygging må tilhøvet til transportnettet vurderast på ny. Dei legg også merke til at det ikkje vert lagt

til rette for busshaldeplass innan planområdet. Dei legg til grunn at dette er avklart med Skyss.

2. Tilkomst til området må byggast i samsvar med Handbok N100 Veg- og gateutforming, og dette må kome tydeleg fram av føresegnene. Avkøyrsla frå fylkesvegen skal utformast som eit kryss og dimensjonert etter forventa utbygging.

3. Ein må planlegge avkøyrsla slik at f_SKV2 får ei betre vinkling på fylkesvegen. Det må leggjast til grunn ein svingradius på 9 meter, i staden for 7,5 meter som det er planlagt for i dag. Vidare kan ein legge til grunn eit siktkrav på 72 meter til kvar side av køyrebanane 10 meter inn i avkøyrsla. Det er eigne krav til stigning/ lengdeprofil.

4. Området BFS10 er planlagt utan avkøyrsla. I reguleringsplan for fylkesvegen er det vist ein avkøyrsla med symbol til denne tomte. Symbolet bør følgje med vidare i denne planen, slik at ein ikkje fratar eigedomen retten til avkøyrsla eller gangtilkomst.

5. Ettersom det ikkje er aktuelt med byggeplan eller gjennomføringsavtale for å utbetre avkøyrsla, er det svært viktig at Statens vegvesen får tilsendt tekniske teikningar som syner plan og profil for avkøyrsla til planområdet (f_SKV2 og o_SKV1), og som syner at avkøyrsla kan byggast og koplast saman med fylkesvegen. Dette må inn i føresegnene. Vi oppmodar om å få tilsendt tekniske teikningar tilsendt før reguleringsplanen vert godkjent, slik at vi kan vurdere desse og at plankartet vert endra der dette er aktuelt.

6. Meiner at pkt 2.2.1 i føresegnene må rettast opp slik at ordlyden «midlertidig brukstillating / ferdigattest» vert endra til «...løyve til igangsetjing av nye tiltak...». Vidare må ein få med ordlyden «.ferdig opparbeidd...». Meiner at rekkjefølgjekravet må stillast til igangsetjingsløyve. Vidare bør pkt. 2.2.2 rettast slik at ordlyden vert «.før det kan gjevast løyve til igangsetjing for nye tiltak».

Kommentar frå forslagstillar:

1. I haldeplassregisteret til Skyss er det i dag registrert to haldeplasser ved innkøyrseleken til planområdet langs fylkesvegen. Av uvisse grunnar vert ikkje desse busshaldeplassane nytta. Ein har imidlertid fått aksept frå Skyss om at dei ikkje har nokon innvendingar på at kommune kan setje opp busskilt på desse haldeplassane slik at dei kan nyttast igjen. Skyss har ikkje kome med andre krav til busshaldeplassen eller at den må regulerast inn.

2. Tatt til følgje. Tilkomsten til området vil bli utforma i samsvar med Handbok N100. Dette vil også sikrast i føresegnene.

3. Tatt til følgje. Avkøyrsla vil bli oppdatert i samsvar med føringane frå vegvesenet.


4. Avkøyrsla til BFS10 er ikkje lagt inn då dette ligg i planen fylkesvegen. Avkøyrseleken kan leggjast inn i plankartet for tomte om dette er ynskjeleg.

5. Tatt til følgje, vil bli sikra i føresegnene § 2.2.1.

6. Ordlyden i pkt. 2.2.1 er retta. Ordlyden i pkt. 2.2.2 vil bli behalde då denne omhandlar private vegar og ikkje fylkesveg.

Kommentar frå rådmannen:

1. Rådmannen legg til grunn svaret frå Skyss. Då kan det setjast opp skilta busshaldeplass på haldeplass som no ikkje vert nytta. Utbetring av fylkesvegen må skje etter gjeldande reguleringsplan.
2. Rådmannen er samd i at avkjørsla til området må stetta Statens Vegvesen sine krav i handbok N100. Rådmannen legg til grunn at planforslaget no stettar dette, men løysinga føreset godkjenning av tekniske teikningar frå Statens vegvesen. For at alle krava til avkjørsla skal kunne gjennomførast er sjølve utforminga endra noko. Dette gjer utslag i noko byte av areal i høve til eksisterande veg. Løysinga vil endre arealbruken på 85/2 noko, og er på grensa i høve krav til ny offentleg høyring og ettersyn. Elles vurderer rådmannen at føremåla er dei same som før, med LNF på både sider av tilkomstvegen.



3. Som 2
4. Rådmannen viser til gjeldande plan for fylkesvegen her.
5. Det er ein føresetnad at tekniske teikningar av ny avkjørsla/kryss er avklart med vegstyremakt.
6. Rådmannen støttar planleggar sin kommentar.

Fylkesmannen i Hordaland 25.01.18 :

1. Det er busshaldeplass aust i planområdet, men bussen har få avgangar. Dette er slik dei ser det ei bilbasert utbygging. Viser til statlege planretningslinjer for bustad- areal- og transportplanlegging og rår kommunen til å redusere talet på bustader i område.
2. Det er to leikeplassar i området, men ingen av dei har rekkjefølgjekrav. Dei ser at utan rekkjefølgjekrav til leikeplassar er dei ofte vanskeleg å realisere. Rår derfor kommunen til å ta inn dette for å sikre at leikeplassane vert opparbeida.

3. På BFS14, BFF1 og BFF2 er det lagt inn ei byggegrense mot sjø. Fylkesmannen er positiv til dette, men områda som då omfattast av byggeforbodet må då ha eit anna formål enn fritidsbustad/bustad. Dette kan til dømes vere naturområde – grønstruktur.

Kommentar frå forslagstillar:


1. Det er i planforslaget berre lagt opp til etablering av 6 nye bueiningar, noko som vurderast som eit rimeleg tal. Om det det seinare skal byggjast fleire bustader i området blir noko kommunen må vurdere.

2. Leikeplass f_BLK1 høyrer til den allereie godkjende planen for Haukeland Søndre del av gnr/bnr 84/5. Det meste av denne planen er allereie utbygd og det vil såleis bli feil å leggje inn noko rekkefølgjekrav til denne. Det er elles store grøntområder i planforslaget, samt at tomtane er store. Ein vurderer det difor ikkje som naudsynt å skulle leggje inn rekkefølgjekrav til leikeplass f_BLK2.

3. Tatt til følge.

Kommentar frå rådmannen:

1. Rådmannen viser til vedtak om bustadareal i overordna plan (B6) . Området er stort og kunne i utgangspunktet gjeve rom for ei relativt stor utbygging. Planmynda har gjennom å krevje samla plan (områdeplan) sikra at nivået på utbygginga ikkje blir for stort i høve til statlege retningsliner. Området er no planlagt for ei mindre utbygging, i fyrste omgong berre 6 einingar. Vidare utbygging kan gje estimert 6-10 nye bustader om grunneigarane vil nytta høvet til det. Ein vurderer difor at dette området totalt sett er godt innanfor det som er vedteke i overordna plan.
2. Det er riktig at område f_BLK1 tilhøyrer eksisterande plan som er teikna inn i denne planen. Område f_BLK fungerer som eit naturleg leikeområde allereie i dag. Det er også sett av rikeleg med grønne område (GN – naturområde) i planen. Rådmannen legg difor til grunn at omsynet til uteopphald er godt dekkja i planen.
3. Rådmannen støtter endringa til naturføremål. Endringa vil ikkje gje utslag i høve til utnytting av byggbart areal då byggegrense mot sjø vert den same som før.



Kystverket 29.01.18 :

1. Har ingen merknader.

Kommentar frå forslagstillar:

1. Tatt til følgje.

Kommentar frå rådmannen:

1. Teke til vitande

Bergen og Omland havnevesen (BOH) 09.01.18

1. Har ingen merknadar.

Kommentar frå forslagstillar:

1. Tatt til følge.

Kommentar frå rådmannen:

1. Teke til vitande

Mattilsynet 02.01.18 :

1. Uttalar planarbeidet for vatn og avløp (VA-rammeplanen) må sikre at det er nok og trygt drikkevatt til dette utbyggingsområdet.

Kommentar frå forslagstillar:

1. Tatt til følge. Bustadene innanfor området får drikkevatt via borehol

Kommentar frå rådmannen:

1. Teke til vitande

NGIB Brannvern 04.01.18 :

1. Det må vurderast om det er tilrettelagt for køyrbar åtkomst til dei ulike objekta/einingane.

2. Det må vurderast om det er forsvarleg åtkomst til sløkkjevatt

Kommentar frå forslagstillar:

1. Det er tilstrekkeleg tilkomst for brannbil til alle bustadområda.

2. Det er i dag ikkje uttak for sløkkjevatt innanfor planområdet, då det ikkje er kommunalt vatn i planområdet. Bustadene der har i dag borehol for vatn. Det er ein plan for at det skal bli lagt offentleg vassleidning i/langs fylkesvegen. Når dette kjem på plass vil bustadene i planområdet ha moglegheit for å kople seg på kommunalt vatn og det kan bli lagt til rette for eige uttak for sløkkjevatt. Det føreligg ikkje per dags dato nokon tidsplan for når kommunal vassleidning vil bli lagt fram til planområdet. Om det skulle oppstå brann i planområdet er alle vegane utforma i samsvar med krava for brannbil slik at denne vil kunne kome til alle bustadene. Om brannbil skulle trenge påfyll av vatten i samband med sløkking kan dette hentast frå private brønnar, frå sjøen eller hjå Radøygruppen like sørvest for planområdet. Hjå Radøygruppen har dei kommunalt vatn frå sjøkabel.

Kommentar frå rådmannen:

1. Det er planlagt køyreveg inn til alle bustader. Stigningstilhøva er no justert innanfor krav.

NVE 11.01.18 :

1. Har ingen merknader.

Kommentar frå forslagstillar:

1. Tatt til følge.

Kommentar frå rådmannen:

- 1. Teke til vitande. Det er likevel grunn til aktsemd i høve til overvatn og avrenning frå området. Rådmannen ser at planen legg vekt på dette i høve til arealbruken omkring vassdraget som går i dalføre ned mot sjø.*

Rådmannen si samla vurdering av planforslaget:

Plankartet:

Plankartet er justert i høve til høyringsmerknader som vart teke til følgje. Merknadene er nøye vurderte i merknadsmøte mellom kommunen, plankonsulent og tiltakshavar. Nokre av merknadene vart avvist av planmynda, ref. vurdering av merknader).

Rådmannen vurderer at planframlegget no har ein arealbruk som avgrensar bruken av området på ein god og berekraftig måte. Gjeldane planar vidareførast og ny arealbruk føyer seg fint inn saman med dei.

Plankartet er levert digitalt og lest inn i kommunen sitt planprogram og funne i samsvar med forskrift.

Føresegnene:

Kommunen har tidleg i planprosessen gjeve mange innspel til føresegnene. Alle innspel er no innarbeidd og retta i fremlagte føresegner.

Statens vegevesen ser det er innarbeidd rekkjefølgjekrav som omhandlar forhold til fylkesveg, og som ivaretek deira interesser. Bakgrunnen for at dei ynskjer å få tilsendt tekniske teikningar på førehand er mellom anna ynskje om å vurdere om planen lar seg realisere i høve til fylkesvegen og at det evt er mogleg å justere planen før den vert godkjent. Føresegn § 2.2.1 nyttar omgrepet «..nye tiltak..». Dette omgrepet bør utdypast slik at det treff dei tiltaka som er omfatta av rekkefølgjekravet, slik det er vist i § 2.2.3. Dette er no justert av kommunen i planframlegget.

Planskildringa:

Skildringa har med utgreiing av planprosess og bakgrunn for planen.

Planområdet er godt skildra. Og omsynet til ulike tema er med.

Den viktige delen der konsekvensane av planforslaget vert skildra, har følgjande innhald:

9	Konsekvensar av planforslaget
9.1	Overordna planar og vedtak
9.2	Eksisterande reguleringsplanar
9.3	Estetikk
9.4	universell utforming
9.5	Konsekvensar for naboer
9.6	Trafikk- og parkeringstilhøve
9.7	Kulturminne
9.8	Friluftaktivitet, naturområde, born og unge sine interesser i nærmiljøet
9.9	Vurdering av tiltak i høve til naturmangfaldslova
9.10	Privat og offentleg servicetilbod.....
9.11	Konsekvensar for næringsinteresser
9.12	Juridiske/økonomiske konsekvensar for kommunen
9.13	Infrastruktur
9.14	Risiko og sårbarheit.....
9.15	Ros-analyse

Rådmannen vurderer at dei utreiingstema som vart diskutert i oppstartmøte er teke med i framlegget. Det er ikkje funne særskilde risikomoment i ROS-analyse.

Illustrasjonar:

Illustrasjon for VA plan følgjer planen.

Rapport frå kulturhistorisk registrering følgjer planen.

2D illustrasjonskart følgjer planen.

Lengdeprofilar for tilkomstvegane følgjer planen.

Rådmannen vurderer at dette materiellet bidreg godt i høve til gjennomføring og forståing av planframlegget.

Generelt:

Ved kulturminneregistreringa vart det påvist to automatisk freda kulturminne, eit aktivitetsområde frå bronsealderjernalder og ein steinalderbuplass. Desse områda er sikra i plankartet med omsynssoner.

Planframlegget vil ikkje ha konsekvensar for utøving av friluftaktivitetar, leik eller naturområder. Det vil i planforslaget bli sikra store grønt- og naturområder, noko som etter rådmannen si vurdering støtter opp om eit folkehelseperspektiv for området.

Ut frå vurdering etter § 8-12 naturmangfaldslova kan ein ikkje sjå at planforslaget vil ha vesentleg verknad for naturmangfaldet i området. Det meste av planområdet er allereie opparbeida, anten som jordbruksareal eller til bustader. Ei vidare utbygging av ein allereie delvis opparbeida tomt vil såleis ikkje ha stor påverknad for naturmangfaldet.

Konklusjon

Framlegg til områdereguleringsplan for Haukeland Søndre er etter rådmannen si vurdering klar for

slutthandsaming. Rådmannen rår til at planframlegget vert godkjent og vedteke slik det ligg føre med dei mindre endringane som er gjort etter høyring og offentleg ettersyn. Rådmannen føreset at grunneigar til dei eigedomane som er råka av endringane etter høyring og offentleg ettersyn er orientert av forslagssillar, og har fått høve til å kome med innspel. Alternativt lyt planforslaget leggest ut til andre gongs høyring og offentleg ettersyn.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Områdereguleringsplan for – Bustadområde Haukeland søndre - PlanID 12602016000600 vert godkjent med planskildring datert 04.06.18, plankart datert 28.03.2018 og planføresegner datert 30.05.2018.

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.
Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova § 12-12.

Vedlegg:

Plansak 12602016000600 - Områdeplan bustadområde Haukeland Søndre - Oppdatert Planskildring

Plankart_Haukeland Søndre_28.03.2018

Føresegner områdeplan Haukeland Søndre_30.05.18

2D Illustrasjonsplan_Haukeland Søndre_28.03.2018

Illustrasjon for VA-plan_Haukeland Søndre_28.03.18

Veg 1_Horisontalplan, lengdeprofil, tverrprofil

Veg 2_Horisontalplan, lengdeprofil, tverrprofil

Veg 3_Horisontalplan, lengdeprofil, tverrprofil

Veg 4_Horisontalplan, lengdeprofil, tverrprofil

Kulturhistoriske registreringar_rapport 18 2017_Haukeland Søndre

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
031/2018	Hovudutval for plan, landbruk og teknisk	PS	13.06.2018
020/2018	Kommunestyret i Radøy	PS	21.06.2018

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Tonje Nepstad Epland	17/1210	18/8016

Plansak 12602017000600 - Detaljregulering - Mangervåg kloakkanlegg - godkjenning

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Saka gjeld detaljregulering for etablering av nytt kommunalt reinseanlegg på Mangersvåg kai.

Grunnlaget for å etablere anlegget på Mangersvåg kai er gitt i Kommunedelplan for avløp for Radøy kommune, og vedtak i kommunestyret i sak 50/2016, jf. sak 20/2017. I sak 050/2016 vedtok kommunen at anlegget skulle byggjast som trykksilanlegg i området ved Mangersvåg kai.

Planarbeidet skal leggje til rette for å gjennomføra kommunestyret sine vedtak. Nytt reinseanlegg skal erstatte 3 etablerte kommunale slamavskiljarar, og vil gje høve til å rydde opp i private utslepp i området. Planforslaget vil ikkje endre etablerte rettstilhøve i området.

Planområdet omfattar del av etablert industriområde og tilstøytande areal ved Mangersvåg kai. Nytt bygg for reinseanlegg blir etablert på eksisterande kai og industriområde.

Forslagsstiller er Radøy kommune v/ Teknisk drift. Utførande plankonsulent er Asplan Viak AS.

Oppstartsvarsel og merknader til oppstartsvarsel

Det vart halde oppstartsmøte hjå kommunen 15.06.2017. Varsel om oppstart vart kunngjort i avisa 26.06.2017. Høyringsinstansar og naboar vart varsla i brev dagsett 19.06.2017. Bergen Røkeri AS vart varsla ved brev 17.10.2017 og frist for å kome med merknader til oppstart vart sett til 08.08.2017.

Ved merknadsfristen var det motteke i alt 8 merknader. Merknadene er referert og kommentert i kapittel 10 i planskildringa.

Høyring og offentlig ettersyn

Radøy kommune mottok planframlegg frå utførande plankonsulent Asplan Viak 10.01.18.

Planframlegget omfatta:

- Plankart, dater 20.12.17
- Føresegner, datert 20.12.17
- Planskildring, datert 10.01.18
- ROS-analyse, datert 20.12.17

Hovudutval for plan, landbruk og teknisk gjorde i sak 020/2018 av 07.03.18 vedtak om å leggje planframlegget ut til høyring og offentleg ettersyn:

Framlegg til detaljreguleringsplan for Mangersvåg kloakkanlegg , planid 12602017000600, med plankart, planskildring, føresegner og ROS-analyse dagsett 10.01.18, vert lagt ut til høyring og offentleg ettersyn i medhald av plan- og bygningslova §§ 12-10 og 12-11.

Planframlegget er sendt på høyring til naboar, offentlege instansar og interesseorganisasjonar ved brev av 19.03.18, og det vart varsla offentleg ettersyn i avis og på kommunen si heimeside. Høyringsfristen var satt til 02.05.18.

Merknader til planframlegget

Det har i høyringsperioden komen inn 8 merknader til planframlegget.

1. Hordaland fylkeskommune, 30.04.18

Fylkeskommunen har ingen merknader til planen, men minner om at Bergens Sjøfartsmuseum har sendt følgjande fråsegn:

Museet kjenner ikkje til kulturminne ved Mangervåg kai, Radøy kommune som kan bli direkte råka av tiltaka. Me har indikasjonar på at staden har vore nytta til ankringsstad. Tiltaka er avgrensa i storleik.

Museet har ingen andre merknader til dei planlagde tiltaka.

Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området. Me gjer derfor merksam på at tiltakshavar pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

Rådmannen si vurdering:

Teke til vitande.

2. Fylkesmannen i Hordaland, 25.04.18

I føresegn 4.2.3 står det at parkeringsareal ikkje skal inngå ved berekning av BYA. Fylkesmannen meiner at parkeringsareal skal med i berekning av BYA fordi dette er bestemt i Tek 17 § 5-2. Vi viser til rettleiar Grad av utnytting – Beregnings- og måleregler:

Bebyggd areal (BYA) beregnes med utgangspunkt i Norsk Standard NS 3940, men slik at parkeringsarealet inngår i beregningsgrunnlaget etter TEK10 § 5-7. Dette innebærer at nødvendig parkeringsareal på terreng regnes med ved beregningen av BYA.

I ROS-analysen vert fleire trafikkrelaterte tema vurdert til å vere i gul sone. Det er foreslått som avbøtande tiltak at det som del av gjennomføringsplan for anlegget bør vurderast tiltak i form av restriksjonar på storbiltransport ved start og slutt på skuledagen. Fylkesmannen meiner at dette kan vere lurt å sikre i føresegna til reguleringsplanen.

Vi vil også gjere kommunen merksam på at fleire føresegn har fått nummer 4.2.1 og 4.2.2. Dette bør rettast opp.

Rådmannen si vurdering:

Føresegna pkt 4.1.3 som gjeld utnyttingsgrad for parkering er teke bort. Det er teke inn føresegner som regulerer storbiltransport i tidsrommet kring skulestart og skuleslutt i nytt pkt 3.4 i føresegna. Nummereringa i føresegna er retta.

3. **Mattilsynet, 04.04.18**

Mattilsynet meiner at forslagsstillar sin kommentar ikkje «tek alle naudsynte omsyn» enno, ref. pkt. 2 i Mattilsynet sin uttale frå 21.06.2017.

Vi meiner at det må gjerast ein grundigare ROS-analyse med naudsynte oppfølgingstiltak. Det trengst når det er planlagt å plassera eit kloakkanlegg like ved innkjørsla til eit kaiområde der det er produksjonsanlegg som produserer mat og handterer råstoff til produksjon av mat.

*Mattilsynet meiner det er sannsynleg at det vil skje eit uhell før hundre år er gått. Lekkasje frå eit kloakkanlegg er etter vårt syn **S3 Sannsynleg** (Ei hending pr 10 - 100 år) Naudsynte forebyggande tiltak og gode rutinar må iverksetjast også **knytt til helse og smitte**. Det må gjelda både for dei som arbeider og vitjar kloakkreinsesstasjonen **og for nærmiljøet** - og ikkje berre knytt opp mot forureining av miljøet.*

*ROS-analysen har ikkje vurdert risiko, sannsyn og konsekvensar **knytt til helse** ved:*

- 1) smittespeing frå anlegget til nærmiljøet.*
- 2) påverking frå gassar frå avlaupsvatn og slam,*
- 3) giftstoff i avlaupsvatnet*
- 4) påverking av biologiske faktorar som bakteriar, virus og sopp i vatn og i lufta inne i avlaupsreinsanlegget.*

Risiko og arbeidsrutinar knytt til arbeidsmiljø på avløpsreinsanlegg må utarbeidast ut frå arbeidsmiljølov og alle ulike særforskrifter i god tid før anlegget vert teke i bruk. Alle ved som oppheld seg i eit avløpsreinsanlegg utset seg for risiko for uheldig påverknad i meir eller mindre grad. Arbeid med avløpsvatn i kloakkreinsanlegg, pumpestasjonar og på leidningsnett kan føra til høge konsentrasjonar av levande og daude mikroorganismar i lufta. Mikroorganismane kan halda seg svevande i lang tid i små dropar eller partiklar. Direkte sprut eller annan kontakt med avløpsvatn gjev høg eksponering. Ved slambehandling kan mengda av mikroorganismar i lufta vera stor. Biologisk påverknad kan vera betydeleg. Eksponering kan føra til mange ulike helseplager (til dømes hodepine, trøttleik, irritasjon av slimhinner, nedsett lungefunksjon, kvalme,

diare, leverbetennelse og infeksjonar med feber).

Radøy kommune har sendt Mattilsynet sin uttale til utførande konsulent Asplan Viak for vurdering. Asplan Viak har i notat av 24.05.18 gjort følgjande vurdering av merknaden:

Innledningsvis vil vi påpeke at det planlagte RA innebærer at private avløp rundt Mangersvågen og eksisterende avløp fra 3 slamavskillere skal samles i et felles nytt RA ved Mangersvågen. Dette er i seg selv et tiltak som bør gi en betydelig miljø- og helsegevinst.

ROS-analysen er utarbeidet i hht. mal vedtatt av Radøy kommune, og malen er ikke så spesifikk knyttet til en del av de tema som mattilsynet kommenterer.

Vi kan være enig i Mattilsynets vurdering om at det er sannsynlig med eit uhell før 100 år er gått, og at denne vurderingen kan justeres fra S2 til S3. En slik justering vil imidlertid i seg selv ikke føre til endring av risikobildet.

Asplan Viak si vurdering av dei einskilde merknadene til ROS-analysa frå Mattilsynet:

ROS-analysen har ikkje vurdert risiko, sannsyn og konsekvensar knytt til helse ved:

1. smittespreiing frå anlegget til nærmiljøet:

Vurdering:

Det legges til grunn at Radøy kommune i forbindelse med prosjektering av RA setter krav om at et nytt RA ved Manger kai bygges med løsninger som ivaretar ulike hensyn, bl.a. til omgivelsene på best mulig måte, og at det etableres gode driftsrutiner for å redusere risiko for uønskede hendelser. Det er i denne fasen kommunen må påse at ulemper fra RA blir ytterligere redusert. Det er alltid knyttet en viss risiko til et hvert teknisk anlegg. Denne reduseres bl.a. ved gode driftsrutiner for bruk av anlegget.

2. påverking frå gassar frå avlaupsvatn og slam:

Vurdering:

I føresegnene til planen, pkt. 4.2.6, er det satt krav om etablering av luktredukerende tiltak. God avlufing og det å unngå åpent vannspeil i RA vil redusere denne risikoen.

3. giftstoff i avlaupsvatnet:

Vurdering:

Påslipp av giftstoffer i/til avløpsvannet er i seg selv en ulovlig handling som det er umulig å gardere seg mot. Etablering av RA har i seg selv ingen innvirkning på sannsynligheten av en slik handling.

4. påverking av biologiske faktorar som bakteriar, virus og sopp i vatn og i lufta inne i avlaupsrensaneanlegget:

Vurdering:

Jfr. pkt 2. I tillegg vil det at renseprosessen blir innebygget, og at man etablerer en renseprosess der man unngår «fossefall» ved behandling av avløpsvannet være risikoredukerende. Dette bør

være et krav fra kommunen ved prosjektering av RA.

Risiko og arbeidsrutinar knytt til arbeidsmiljø på avløpsreinseanlegg må utarbeidast ut frå arbeidsmiljølov og alle ulike særforskrifter i god tid før anlegget vert teke i bruk.

Vurdering:

Det blir lagt til grunn at kommunen ivaretar disse forholdene i den vidare prosessen, jfr. beskrivelse over.

Alle som oppheld seg i eit avlaupsreinseanlegg utset seg for risiko for uheldig påverknad i meir eller mindre grad. Arbeid med avløpsvatn i kloakkreinseanlegg, pumpestasjonar og på leidningsnett kan føra til høge konsentrasjonar av levande og daude mikroorganismar i lufta. Mikroorganismane kan halda seg svevande i lang tid i små dropar eller partiklar. Direkte sprut eller annan kontakt med avløpsvatn gjev høg eksponering. Ved slambehandling kan mengda av mikroorganismar i lufta vera stor. Biologisk påverknad kan vera betydeleg. Eksponering kan føra til mange ulike helseplager (til dømes hodepine, trøttleik, irritasjon av slimhinner, nedsett lungefunksjon, kvalme, diare, leverbetennelse og infeksjonar med feber).

Vurdering:

Dette vurderes å gjelde generelt, og er ikke spesielt for lokaliteten ved Manger kai.

Asplan Viak si oppsummering:

De forhold som Mattilsynet påpeker vil være viktig å ivareta i den vidare prosessen med etablering av RA ved Manger kai, jf. våre kommentarer over. Vi vurderer at det ikke er behov for å endre planforslaget med bakgrunn i merknad fra Mattilsynet.

Rådmannen si vurdering:

Med grunnlag i Asplan Viak si vurdering legg rådmannen til grunn at ROS-analyse inneheld dei naudsynte vurderingar.

4. **Kystverket, 26.04.18**

I planskildringa s.29 kap. 8.5.1 siste avsnitt står det «Utslippsvatn frå reinseanlegget vil bli ført på godkjent djupne i Mangerfjorden». Traseen med leidning for utslippsvatnet er ikkje teikna inn i plankartet. Viss utslippsleidningen kjem ut i areal avsett til bileia «2264-Radfjorden» er det staten ved Kystverket som har mynde etter hamne- og farvasslova. Grønt område i bilete ovanfor syner arealavgrensinga til bileia, og dermed myndigheitsområdet til Kystverket.

Dette til dykkar orientering.

Rådmannen si vurdering:

Uttalen gjeld kven som har mynde etter hamne- og farvasslova. Teke til vitande.

5. **Bergen havn, 03.05.18**

Det ligger til kommunens myndighet å ta stilling til ønsket arealbruk for området, vi presiserer imidlertid at det er viktig at det settes av tilstrekkelig areal til alminnelig ferdsel til sjøs. Generelt er vi av den oppfatning at det ikke bør settes av større arealer i sjø til enkeltinteresser enn det som er nødvendig.

Plankartet viser ikke konkrete tiltak i sjøområdet. På dette stadiet i planarbeidet kan vi ikke se at planene vil komme i konflikt med de interesser som vi er satt til å ivareta. Vi understreker imidlertid viktigheten i å bevare Mangersvågen som en viktig kaifront.

Vi viser til vår uttale av 03.07.17. Vi har ingen nye merknader i saken.

Rådmannen si vurdering:

Teke til vitande.

6. Fiskeridirektoratet, 13.04.18

Vi har registrert fiskeområde for bruk av passiv reiskap i forbindelse med fiske etter sei, lange og brosme sør for Mangersneset. Dette omfattar området rundt Fugleskjeret og Nesflua. Området er registrert som «noe brukt» i forbindelse med yrkesfiske og fritidsfiske. Vi kjenner ikkje til utsleppspunkt frå reinseanlegget. Med mindre dette er like ved, eller i fiskeområdet, vurderer vi det slik at det planlagde tiltaket ikkje vil kome i konflikt med bruken av det registrerte fiskeområdet.

Rådmannen si vurdering:

Teke til vitande.

7. Fiskarlaget vest, 07.05.18

Fiskarlaget Vest ser positivt på at ein oppgraderer, og samler utslepp til sjø. Ein førutset at det blir nytta BAT, og at foureining frå området blir avgrensa mest mogleg. I høve utsleppsleidning viser ein til punkt 5.2.2 i høve godkjenning. Ein føreset at leidninga blir lagt utanom fiskeområda, utan heng og at det blir nytta lodd som ikkje fiskereiskap hegar i.

Fiskarlaget Vest viser til kart frå Fiskeridirektoratet si nettside som viser at det ikkje er registrert fiskeriinteresser i reguleringsområdet, men det blir og fiska i området som ikkje er registrert der. Utanfor vågen er det registrert område for passiv reiskap.

Ein vil til slutt gjere merksam på at fiskerinæringa er basert på fornybar biologisk produksjon, og er derfor grunnleggjande avhengig av reint og produktivt kyst- og havnmiljø mest mogleg fritt for miljøgifter, framandstoff og legemiddel.

Rådmannen si vurdering:

Krav til sjølve utsleppet, mellom anna når det gjeld reinsekrav, følgjer av forureiningslova. Rådmannen legg til grunn at kommunen planlegg utsleppet med utgangspunkt i BAT (best

tilgjengeleg teknikk). Det er teke inn føresegn i pkt 5.2.3 som gjeld krav til utføring av leidningsnett i høve fiskeriinteresser.

8. **Råd for mennesker med nedsatt funksjonsevne, 11.05.18**

Vedtak 010/2018: Råd for mennesker med nedsett funksjonsevne har ingen merknader til planen.

Rådmannen si vurdering:

Teke til vitande.

Konklusjon

Det har ikkje komen inn vesentlege merknader til planframlegget.

Merknad frå Fylkesmannen i Hordaland og Fiskarlaget vest er teke omsyn til gjennom mindre endringar i føresegna. Endringane er vist med raud skrift i vedlagt føresegnsdokument. Det er rådmannen si vurdering at endringane i føresegna er presiseringar og at det ikkje er naudsynt å sende planen på 2. gongs høyring.

Merknaden frå Mattilsynet er vurdert av Asplan Viak, og det er rådmannen si vurdering at ROS-analysen i tilstrekkeleg grad vurderer risikoen ved planen.

Det er etter dette rådmannen si vurdering at planframlegget kan godkjennast som det ligg føre.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Hovudutval for plan, landbruk og teknisk si innstilling til Kommunestyret i Radøy kommune:

Reguleringsplan for Mangervåg kloakkanlegg, planid 12602017000600, vert godkjent med plankart datert 20.12.17, føresegner datert 28.05.18, planskildring datert 10.01.18 og ROS-analyse datert 20.12.17.

Grunngjevinga for vedtaket går fram av saksframlegget.

Heimel for vedtaket er plan- og bygningslova § 12-12.

Vedlegg:

Planskildring plan 2017000600

614694_Regplan_Mangersvåg kloakkrensaneanlegg

ROS- analyse plan 2017000600

Reguleringsføresegner plan Mangersvåg kloakkanlegg

Plansak 12602017000600 - Detaljregulering - Mangervåg kloakkanlegg - merknad Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Plansak 12602017000600 - Detaljregulering - Mangervåg kloakkanlegg - merknad Fiskarlaget Vest

Plansak 12602017000600 - Detaljregulering - Mangervåg kloakkanlegg - merknad Bergen Havn

Plansak 12602017000600 - Detaljregulering - Mangervåg kloakkanlegg - merknad Hordaland Fylkeskommune

Plansak 12602017000600 - Detaljregulering - Mangervåg kloakkanlegg - merknad Kystverket

Uttale - Offentleg ettersyn - Radøy - Mangersvåg kloakkanlegg - Detaljregulering

Plansak 12602017000600 - Detaljregulering - Mangersvåg kloakkanlegg - merknad Fiskeridirektoratet

Plansak 12602017000600 - Detaljregulering - Mangervåg kloakkanlegg - merknad Mattilsynet

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
035/2018	Hovudutval for plan, landbruk og teknisk	PS	13.06.2018
021/2018	Kommunestyret i Radøy	PS	21.06.2018

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Silje Haukedal	18/391	18/8192

Byggesak - Byggje- og deleforbod - Kulturminne - Radøy

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Radøy kommune har nyleg vedteke Kulturminneplan for Radøy kommune 2017-27. Bakgrunnen for arbeidet med kulturminneplanen er eit nasjonalt mål om at alle kommunar skal ha vedteke kulturminneplan innan 2020. Målsettinga med kulturminneplanen er å leggje grunnlag for at dei viktigaste lokale kulturminna vert teke vare på.

Kulturminneplanen har definert kulturminne i verneklasse A til D. Objekta i verneklasse A er objekt som det ikkje skal gjevast rivingsløyve for.

Kulturminnelova og plan- og bygningslova har få heimlar for å sikre kulturminna. Kulturminnelova sikrar berre dei aller eldste kulturminna, medan plan- og bygningslova føreset at kulturminne vert verna gjennom plan. Anten med omsynssone bevaring i kommuneplan, eller i eigen verneplan med juridisk bindande verknad.

Kommunen arbeider for tida med delrevisjon av Kommuneplan for Radøy kommune der mellom anna kulturminne er tema. I kommuneplanen vil alle kulturminne ved verneklasse A verte sikra med omsynsoner med tilhøyrande føresegner.

For å sikre at ikkje kulturminne som har fått verneklasse A vert riven/bygd om i perioden fram til revidert kommuneplan er vedteken, vil det vere naudsynt å leggje ned mellombels forbod mot tiltak knytt til kulturminne i verneklasse A.

Det vart i HPLT sak 019/2018 fatta følgjande vedtak;

PLT - vedtak:

Det skal varslest mellombels forbod mot tiltak etter pbl. § 1-6 på eigedommar som har kulturminner med verneklasse A etter Radøy kommune sin Kulturminneplan 2017-2027. Grunngeving til vedtaket går fram av saksutgreiinga og vedlegga. Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova § 13-1, jf. forvaltningslova § 16.

Lovgrunnlag

Plan- og bygningsloven § 13-1:

Finner kommunen eller vedkommende myndighet at et område bør undergis ny planlegging, kan den bestemme at oppretting og endring av eiendom eller tiltak etter § 1-6 og andre tiltak som kan vanskeliggjøre planarbeidet, ikke kan settes i gang før planspørsmålet er endelig avgjort.

Plan- og bygningslova § 13-2:

Er planspørsmålet ikke endelig avgjort senest fire år etter at forbud er nedlagt, faller forbudet bort og tinglyst vedtak etter § 13-1 tredje ledd skal slettes. Tidligere innsendte forslag til oppretting eller endring av eiendom og søknader om byggetillatelse tas straks opp til behandling og avgjørelse. Kommunen kan i tilfelle fastsette eiendomsgrenser og bebyggelsens beliggenhet, høyde og grad av utnytting.

Forvaltningslova § 16:

Part som ikke allerede ved søknad eller på annen måte har uttalt seg i saken, skal varsles før vedtak treffes og gis høve til å uttale seg innen en nærmere angitt frist.

Varsling

Mellombels byggje- og delforbod blei varsla til grunneigarar i brev datert 22.03.2018. Det vart gjeve tre vekers frist på å kome med uttale i saka. Varselet vart sendt til 146 grunneigarar.

Det er kome tre merknader i saka frå Jens-Petter Hvidsten, Atle Magnar Unneland og Bjørn Tore Nordeide. Alle merknadane ligg vedlagt saka.

Merknad frå Bjørn Tore Nordeide

Merknaden går i hovudsak ut på kva verneklasse A inneber og om han kan få midlar til restaurering. Tilbakemelding på merknaden blei sendt på e-post datert 03.04.2018. Kommunen fekk ein ny e-post av eigar 03.04.2018, der han takka for informasjon og at saka då blei klarare.

Merknad frå Jens-Petter Hvidsten

Merknaden går i hovudsak ut på forhold som ikkje er knytt til byggje- og deleforbodet. Hvidsten ringte sakshandsamar 12.04.2018, han informerte om at han ønskte å få varselet tilsendt på bokmål då han ikkje forstod innhaldet i det som vart sendt. Sakshandsamar forklarte på telefon kva som var innhaldet i varselet og kva kommunen søker å oppnå med å vedta mellombels byggje- og deleforbod. Når eigar forstod innhaldet i kommunen sitt varsel var han veldig glad for at kommunen tok vare på dei gamle bygga og at han ikkje hadde innvendingar til dette.

Merknad frå Atle Magnar Unneland

Merknaden går i hovudsak ut på at grunneigar meiner område som byggje- og deleforbod skal gjelde for er for stort og at dette bør reduserast. Han oppmodar om synfaring på staden.

Kommunen har vore på synfaring på eigedommen 07.05.2018. Kommunen var representert ved kulturansvarleg Bente Hervik. Etter ein gjennomgang på staden er kulturansvarleg einig i at det er hensiktsmessig at arealet blir redusert/endra. Kommunen har vore i dialog med Hordaland Fylkeskommune som kulturminnemynde og bede om uttale i saka. Hordaland Fylkeskommune hadde ikkje merknader til at området blir redusert/endra. Kommunen sendte kartutsnitt over til grunneigar den 28.05.2018 med frist for tilbakemelding innan 01.06.2018. Kommunen fekk tilbakemelding på e-post 28.05.2018 der grunneigar uttalar at dette var ei betre løysing.

På bakgrunn av det ovannemnte har kommunen redusert/endra området som blir ramma og byggje- og deleforbod i vedlegg til vedtak.

Vurdering

For å sikre kulturminna som har fått verneklasse A i kulturminneplanen må områda dei ligg i «*undergis ny planlegging*». Rullering av kommuneplanen sin arealdel er allereie under arbeid og det vil i den samanheng bli lagt inn omsynssone bevaring kring objekta som har fått vernestatus A i Kulturminneplanen for Radøy 2017-2027.

Kulturminna som vert omfatta av mellombels forbod mot tiltak etter pbl. § 1-6 er lista opp i vedlegg. Kulturminne er omtala så presist som mogleg, og med informasjon om kvifor dei har verneverdi. Forbodet vil gjelde 132 objekt i verneklasse A.

Forbodet gjeld fram til omsynssone for bevaring er lagt inn i kommuneplanen sin arealdel, eller i maksimalt 4 år, jf. pbl. § 13-2. Fristen kan berre forlengast i særlege tilhøve, jf. pbl. § 13-3.

Vedtak om mellombels forbod mot tiltak vil vere enkeltvedtak med klagerett etter forvaltningslova.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Det vert vedteke mellombels forbod mot tiltak etter pbl. § 1-6 på eigedommar som har kulturminne med verneklasse A etter Radøy kommune sin Kulturminneplan 2017-2027, jf. pbl. § 13-2.

Område forbodet gjeld kjem fram av vedlegg; Kartutsnitt – kulturminne verneklasse A. Grunngeving til vedtaket går fram av saksutgreiinga og vedlegga.

Vedlegg:

Kartutsnitt - kulturminner verneklasse A - endret til vedtak

Verneklasse A

Merknader - kulturminner

Merknader vern av kulturminne

Byggesak - Byggje- og deleforbod - Kulturminner - Radøy - varsel om mellombels byggje - og deleforbod for vern og sikting av kulturminner - svar

Byggesak - Varsel om mellombels byggje- og deleforbod for sikring av vern av kulturminne

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
026/2018	Formannskapet i Radøy	PS	19.04.2018
022/2018	Kommunestyret i Radøy	PS	21.06.2018

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Sveinung Kvamme	17/31	18/3128

Rekneskap og årsmelding 2017

Saksopplysingar:

Rekneskap og årsmelding for 2017 vert med lagt fram for godkjenning, slik det går fram av vedlagde rekneskapsdokument med revisjonsmelding og årsmelding.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Årsmelding og rekneskap for 2017 vert godkjent slik dei ligg føre.

Formannskapet i Radøy - 026/2018

FS - handsaming:

Ordførar Jon Askeland sa at det vert lagt opp til ein presentasjon av årsmelding og rekneskap 2017 i kommunestyret.

Formannskapet vedtok rådmannen sitt framlegg til vedtak.

FS - vedtak:

Årsmelding og rekneskap for 2017 vert godkjent slik dei ligg føre.

Vedlegg:

Årsmelding endeleg 2017

Rekneskapsdokument_2017_endeleg

Kontrollutvalet Radøy _ særutskrift rekneskap og årsmelding 2017

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
036/2018	Formannskapet i Radøy	PS	07.06.2018
023/2018	Kommunestyret i Radøy	PS	21.06.2018

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Sveinung Kvamme	17/2490	18/6226

Disponering av mindreforbruk 2017

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Årsrekneskapen for 2017 syner eit mindreforbruk på kr 7.695.179, og dette mindreforbruket er ført i balansen for 2018 som udisponert overskot, i balansegruppe 2.56. Det er berre kommunestyret som kan gjera vedtak om disponering av dette mindreforbruket.

Vurdering

Før disponering av mindreforbruk frå 2017 er det bokførte disposisjonsfondet kr 16.182.662,79, fordelt slik:

Nærings- og infrastrukturfond	2.658.400
Integrering flyktningar	2.400.000
Fritids- og avlastingstilbod	219.300
Ungdomskommune 2014	64.149
Nynorskspris 2014	60.713
Omstilling ny kommune 2020	4.000.000
Fritt disposisjonsfond	6.780.100
Sum disposisjonsfond	16.182.662

Disposisjonsfondet er ikkje eit «verna» fond, og dersom driftsrekneskapen seinare år syner meirforbruk, skal disposisjonsfondet nyttast til å dekkja opp. Dette gjeld også dei delane av disposisjonsfondet som kommunestyret har «øyremerka». Øyremerking er såleis å sjå på som ei prioritering av midlar «i gode tider».

I budsjettet for 2018 er det lagt opp til bruk av disposisjonsfond slik:

Nærings- og infrastrukturfond	380.000
-------------------------------	---------

Regionsentremidler (frå fritt disp fond)	450.000
Integrering flyktningar	500.000
Omstilling ny kommune (L&R, sørvistorg, personal)	871.000
Sum budsjettert bruk 2018	2.201.000

Det er så langt i 2018 henta kr 125.000 frå nærings- og infrastrukturfondet. Dette er teke omsyn til i oppstillinga over samla disposisjonsfond ovanfor.

Rådmannen meiner i utgangspunktet at heile mindreforbruket frå 2017 skal setjast av til fritt disposisjonsfond, for å styrka kommunen sin økonomiske handlefridom. Kommunestyret står sjølvstendig fritt til å bruka av disposisjonsfondet, men rådmannen vil på det sterkaste rå frå at kommunestyret set i verk tiltak som gir permanent auka driftsnivå.

Derimot bør det vera mogeleg å nytta deler av disposisjonsfondet til konkrete, tidsavgrensa tiltak eller prosjekt, eller til finansering av investeringar.

Det går fram av årsmeldinga for 2017 at **integreringstilskot** til flyktningar vart om lag 2,5 mill høgare enn budsjettert. Dette skuldast at det kom fleire flyktningar på slutten av året, noko som gir fullt tilskot, sjølv om dei kjem i desember. Rådmannen har styrka arbeidet med integrering, og rår til at integreringstilskot ut over budsjett 2017, dvs 2,5 mill, vert øymerka integrering av flyktningar, slik at samla fond til integrering av flyktningar blir 4,9 mill.

Med grunnlag i programmet for bygging av Alver kommune, ønskjer rådmannen også å styrka fond omstilling til ny kommune med 2 mill.

Det har kome politiske signal om trong for ytterlegare løyving til asfaltering av kommunal veg i 2018 med kr 400.000.

Ved Helsehuset er det trong for utskifting av vinduage i deler av bygget, i tillegg til oppgradering av SD-anlegget. Samla kostnad ved dette arbeidet er grovestimert til kr 225.000, og rådmannen ber om at tilsvarande løyving vert henta frå fritt disposisjonsfond.

Rådmannen rår til at resterande mindreforbruk frå 2017, kr 2.570.179 vert tilført fritt disposisjonsfond.

I tillegg til det bokførte disposisjonsfondet, er det også sett av kr 2.150.000 på bunde fond «Utbyggingsmidlar breiband». Av note 6 i årsrekneskapen for 2017 går det fram at kr 1.560.000 av desse i røynda er «frie», då dei tilhøyrande kostnadene vart bokført i 2017-rekneskapen. Det er også bokført bunde fond «Tilskotsmidlar fortau Manger» med kr 672.000. Arbeidet knytt til desse midlane er utført, og alle kostnader bokført, slik at også dette fondet i realiteten «fritt». Rådmannen går difor inn for at begge desse fonda vert inntektsførde som «bruk av bunde fond» og igjen vert avsett til fritt disposisjonsfond, samla kr 2.232.000.

Dette gir følgjande framlegg til disponering:

Integrering av flyktningar	2.500.000
Bygging Alver kommune	2.000.000
Asfaltering kommunale vegar	400.000

Helsehuset, vindauge og SD-anlegg	225.000
Til fritt disposisjonsfond	2.570.179
Overført frå bundne fond	(2.232.000)
Til fritt disposisjonsfond	2.232.000
Mindreforbruk 2017	7.695.179

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Mindreforbruk 2017 vert disponert slik:

Integrering av flyktningar	2.500.000
Bygging Alver kommune	2.000.000
Asfaltering kommunale vegar	400.000
Helsehuset, vindauge og SD-anlegg	225.000
Til fritt disposisjonsfond	2.570.179
Overført frå bundne fond	(2.232.000)
Til fritt disposisjonsfond	2.232.000
Mindreforbruk 2017	7.695.179

Formannskapet i Radøy - 036/2018

FS - handsaming:

Økonomisjef Sveinung Kvamme orienterte og peika på at kostnadane til rehabilitering av helsehuset vil krevja ein noko større del av mindreforbruket 2017, mellom anna til vindauge og SD-anlegg.

Ordførar Jon Askeland lufta eit innspel om å bruka midlar frå flyktningefondet til andre formål, og ikkje dra med seg eit stort fond inn i Alver kommune.

Ordføraren peika også på behov for midlar til nokre av verbalpunkta i 2018-budsjettet, og då særleg knytt til vegvedlikehald og og stiar i bustadfelt.

Rådmannen advara mot å redusera flyktningefondet, og peika på at integrering av flyktningar er krevjande og vil omfatta tiltak over fleire år. Det er i 2018-budsjettet rekna med statleg tilskot for ti ny flyktningar i år, men det er framleis uvisst om det kjem nokon.

Rådmannen sette fram følgjande endringsframlegg til disponering av mindreforbruk:

Integrering flyktningar	kr 2.500.000
Bygging av Alver kommune	kr 2.000.000
Asfaltering kommunale vegar	kr 400.000
Helsehuset vindauge/SD-anlegg	kr 460.000
Til fritt disposisjonsfond	kr 2.335.179
Overført frå bundne fond	(kr 2.232.000)
Til fritt dispensasjonsfond	kr 2.232.000
Mindreforbruk 2017	kr 7.605.179

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen sitt endringsframlegg.

FS - vedtak:

Mindreforbruk 2017 vert disponert slik:

Integrering flyktningar	kr 2.500.000
Bygging av Alver kommune	kr 2.000.000
Asfaltering kommunale vegar	kr 400.000
Helsehuset vindaug/SD-anlegg	kr 460.000
Til fritt disposisjonsfond	kr 2.335.179
Overført frå bundne fond	(kr 2.232.000)
Til fritt dispensasjonsfond	kr 2.232.000
Mindreforbruk 2017	kr 7.605.179

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
037/2018	Formannskapet i Radøy	PS	07.06.2018
024/2018	Kommunestyret i Radøy	PS	21.06.2018

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Sveinung Kvamme	18/1031	18/7830

Tertialmelding januar - april 2018

Saksopplysingar:

Vurdering

Rådmannen legg med dette fram tertialmelding for perioden januar – april 2018 i form av to dokument, tertialmelding og status investeringsbudsjett

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Tertialmelding for perioden januar – april 2018 vert teken til etterretning slik den ligg føre i egne dokument.

Formannskapet i Radøy - 037/2018

FS - handsaming:

Kirsti Gjetle Floen (AP) ba om status for sjukefråveret og kva resultat som ulike tiltak har gitt. Formannskapet slutta seg til innspelet frå Floen, og rådmannen kjem tilbake med sak til hausten.

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

FS - vedtak:

Tertialmelding for perioden januar – april 2018 vert teken til etterretning slik den ligg føre i egne dokument.

Vedlegg:

Tertialrapport_2018_T1

Tertialmelding - investeringsprosjekt teknisk _ revidert 270518

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
038/2018	Formannskapet i Radøy	PS	07.06.2018
025/2018	Kommunestyret i Radøy	PS	21.06.2018

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Sveinung Kvamme	17/1032	18/7819

Budsjettregulering vår 2018

Saksopplysingar:

Vurdering

Rådmannen legg med dette fram sak om regulering av budsjett 2018.

Drift - skjema 1A

Kommunalbanken har varsla **auka rentekostnader** på lån med såkalla PT-rente, og lån med NIBOR-tilknytning får også renteauke grunna auka NIBOR. Verknaden er førebels utrekna til kr 292.000,- basert på dei varsel som er gitt så langt. Det er grunn til å tru at renta aukar ytterlegare i løpet av året, men det er førebels ikkje råd å talfesta vidare auke. I høve til vedteke budsjett, vert det også noko meir unytta lånemidlar overført til 2018, som igjen reduserer trongen for låneopptak i 2018. Førebels er det ikkje søkt om nye lån i 2018, basert på vedteke budsjett for 2018, men Kommunalbanken har utbetalt attståande av lånemidlane vi fekk tilsegn om i 2017. Netto verknad av renteendringa vert difor kr 156.000.

Det må også gjerast ei ørlita justering av avdragskostnaden for å følgja 3,5%-regelen fylkesmannen rår til, slik at avdragskostnad 2018 aukar med kr 21.000

Siste KS-modell for utrekning av rammetilskot og skatt syner at **rammetilskotet** vert om lag 1,07 mill høgare enn føresett. Dette kjem frå slutthandsaminga i Stortinget, som vart gjort etter at Radøy kommune sitt budsjett vart vedteke av kommunestyret. Skatteinngangen vert til gjengjeld ca 500.000 lågare enn tidlegare budsjettert. Skattedirektoratet legg til grunn at veksten i den samla skatteinngangen vert redusert frå 1,3% til 1% samanlikna med 2017.

Aksjeutbyttet frå BKK er utbetalt med 1 mill høgare sum enn budsjettert, og budsjettet bør regulrast tilsvarande.

I slutten av februar 2018 mottok Radøy kommune kr 950.000 i **integringstilskot** for flyktningar som vart busette i 2017. Denne summen skulle eigentleg vore inntektsført i 2017, men vert i staden inntektsført i 2018. Tilskotsbeløpa har også auka noko i 2018, noko som gir meirinntekt på kr

321.000 i høve til vedteke budsjett.

Rådmannen vil understreka at integreringstilskota føreset mottak av 10 nye flyktningar i 2018, utan at det førebels er gitt signal om at desse faktisk kjem. Rådmannen rår difor til å setja av kr 1.067.000 til flyktningefond. Dette er summen som skal til for å balansera budsjettreguleringa, men er samstundes rimeleg nær det ekstra tilskotet frå 2017.

Drift - skjema 1B

Innan oppvekst må det løyvast noko ekstra midlar knytt til **husleigekostnader Solhall**. Etter planen skulle kommunen overta bygget frå 1.1.2018, og det var difor ikkje lagt inn husleigekostnader i budsjetta. Overtaking vart først gjort 21. februar, og Helse Bergen har difor fakturert husleige fram til overtaking. For oppvekst utgjør dette kr 54.000. Tilsvarende sum for helse og omsorg er kr 144.000.

Pedagognorm i barnehagane vil kosta om lag kr 250.000 i 2018, og rådmannen ber om tilsvarende auke i løyvinga. Det var eit visst håp om at revidert nasjonalbudsjett ville gje ekstra midlar til dette, men staten held fast på at dette alt ligg inne i rammeføresetnadene.

Ressursar til **tidleg innsats i skulen** har vore eit øyremerka statstilskot, og vert vidareført i 2018 som tilskot til innføring av lærarnorm for 1-10 klassetrinn. Først frå 2020 vert dette tilskotet innlemma i rammene. Det er enno noko uvisst korleis lærarnormen vil slå ut frå hausten, og rådmannen kan måtta koma attende med justering av budsjettet dersom rammene ikkje er tilstrekkelege.

Som følge av endring i lov og forskrift skal **avlastarar** utanom institusjon ha rettar som tilsette i kommune. Dette fører til auka kostnadene til slik avlasting. Meirkostnaden i 2018 er førebels rekna til kr 253.0000, og rådmannen ber om tilsvarende løyving til helse og omsorg.

Ved NAV er det sett inn ein **burettleiar rus/psykiatri/flyktningar**, og rådmannen ber om at det vert løyvd kr 325.000 til dette tiltaket frå andre halvår 2018.

Prosjekt felles barnevern kjem til å halda fram som prosjekt ut 2018. Det vil koma på kostnader for Radøy kommune knytt til dette prosjektet, men det er enno uvisst kva summen blir. Rådmannen varslar såleis at det vil vera trong for ekstra løyving til dette prosjektet, men kjem attende til dette i ved budsjettregulering i haust.

Radøy kommune nyttar Interkommunalt arkiv Hordaland til **fjernarkiv**, og vi må betala for medgått «hulleplass». Arkivet har auka monaleg i omfang, og for 2018 gir dette meirkostnad på kr 52.000,-.

Det er også avdekkja ein feil i budsjettet ved kulturkontoret, der ei eingongsløyving på kr 183.000 frå 2016 har vorte vidareført i budsjettet både for 2017 og 2018. Feilen vert no retta.

Vinteren 2017/18 vart langt meir snørik enn vanleg, og kostnadene til **brøyting og salting av kommunale vegar** har difor vorte langt høgare enn budsjettet, som legg til grunn «grøn vinter». Rådmannen ber om ei tilleggsloøyving på kr 700.000 til å dekkja meirkostnadene påkomne så langt.

Investering – skjema 2B

I investeringsbudsjettet for 2018 er det løyvd midlar til tiltak i samsvar med **bustadsosial handlingsplan**, kr 2,3 mill. Det syner seg at planlegging av tiltak vil ta lengre tid enn føresett, og kostnadene i 2018 vil vera avgrensa til planlegging og prosjektering. Rådmannen meiner difor at løyvinga kan reduserast med 1,8 mill, til kr 500.000 i 2018. Rådmannen legg til grunn at midlane skal

inn att i budsjett for 2019.

Ved **Bø barnehage** ser det ut til at utbygginga kjem seinare i gong enn føresett. Slik det ser ut til dag, er truleg 5 mill tilstrekkeleg løyving til det arbeidet som vert utført i 2018, og rådmannen ber om at løyvinga vert redusert med 10 mill i 2018. Tilsvarande auke kjem att i 2019.

Ved **Radøyhallen** er det trong for ytterlegare kr7300.000 til pågåande oppgraderingsarbeid. Dette er dels rebudsjettering av midlar frå 2017, dels trong for ytterlegare mildar, m.a. til nye tribunestolar.

Kostnadene ved første trinn av **ombygginga av Solhall** ser ut til å bli noko høgare enn føresett. Prosjektet har vore ute på anbod med frist 30. mai, men grunna mange fridagar i mai har det kome førespurnad om forlenging av fristen. Rådmannen har gått inn for dette, slik at ny frist er 7. juni. Rådmannen ser det som viktig at mogeleg utviding av investeringsramma for ombygging av Solhall kan handsamast i kommunestyremøtet i juni, slik at ein sikrar framdrifta i arbeidet.

Dette gir følgjande endring i skjema 1A, 1B og 2B (forenkla)

Drift (skjema 1a)	Budsjett 2018	Regulering	Regulert budsjett
Skatt på inntekt og formue	(121 100 000)	499 000	(120 601 000)
Rammetilskot	(168 988 000)	(1 070 000)	(170 058 000)
Eigedomsskatt	(15 197 000)		(15 197 000)
Generelle statstilskot	(15 104 500)	(1 271 000)	(16 375 500)
Renteinntekter og utbytte	(3 987 000)	(1 000 000)	(4 987 000)
Renteutgifter	5 609 000	156 000	5 765 000
Avdragsutgifter	8 994 000	21 000	9 015 000
Sum frie inntekter	(309 773 500)	(2 665 000)	(312 438 500)

Drift (skjema 1b)			
Stab og fellestenester	20 137 793	-	20 137 793
Oppvekst	121 376 275	303 000	121 679 275
Helse og omsorg	131 304 599	1 793 000	133 097 599
Drift og forvaltning	34 992 122	569 000	35 561 122
Sum drift	307 810 789	2 665 000	310 475 789

Netto	(1 962 711)	-	(1 962 711)
--------------	--------------------	---	--------------------

Investering skjema 2B	Regulering
Solhall, auka kostnad	
Bustadsosial handlingsplan, først i 2019	-1 800 000
Radøyhallen, uaka kostnader	700 000
Bø barnehage, større del i 2019	-10 000 000
Netto endring	-11 100 000

Rådmannen legg til grunn tilsvarande reduksjon i bruk av lån til finansiering av investeringar i 2018.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Budsjett 2018 vert regulert i samsvar med saksutgreiinga ovanfør, og gir følgjande skjema 1a, 1b og 2b:

Drift (skjema 1a)	Budsjett 2018	Regulering	Regulert budsjett
Skatt på inntekt og formue	(121 100 000)	499 000	(120 601 000)
Rammetilskot	(168 988 000)	(1 070 000)	(170 058 000)
Eigedomsskatt	(15 197 000)		(15 197 000)
Generelle statstilskot	(15 104 500)	(1 271 000)	(16 375 500)
Renteinntekter og utbytte	(3 987 000)	(1 000 000)	(4 987 000)
Renteutgifter	5 609 000	156 000	5 765 000
Avdragsutgifter	8 994 000	21 000	9 015 000
Sum frie inntekter	(309 773 500)	(2 665 000)	(312 438 500)

Drift (skjema 1b)			
Stab og fellestenester	20 137 793	-	20 137 793
Oppvekst	121 376 275	303 000	121 679 275
Helse og omsorg	131 304 599	1 793 000	133 097 599
Drift og forvaltning	34 992 122	569 000	35 561 122
Sum drift	307 810 789	2 665 000	310 475 789

Netto	(1 962 711)	-	(1 962 711)
--------------	--------------------	----------	--------------------

Investering (skjema 2b)	Regulering
Solhall, auka kostnad	
Bustadsosial handlingsplan, først i 2019	-1 800 000
Radøyhallen, uaka kostnader	700 000
Bø barnehage, større del i 2019	-10 000 000
Netto endring	-11 100 000

Redusert investeringsramme vert finansiert gjennom redusert bruk av lån.

Formannskapet i Radøy - 038/2018

FS - handsaming:

Økonomisjef Sveinung Kvamme orienterte om budsjettreguleringa. Kommunen har fått ca 1 mill. kroner meir i aksjeutbytte frå BKK enn det er budsjettert med. Samtidig peika økonomisjefen på at det kan verta bruk for ekstramidlar til rehabiliteringa av Solhall og den vedtekne pedagognorma. Han informerte også om at leige av paviljong til klasserom ved Manger skule ikkje er dekkast inn i denne budsjettrevideringa. Denne kostnaden kan ikkje dekkast over investeringsbudsjettet, og må difor gå inn i driftsbudsjettet. Korleis dette skal dekkast inn kjem rådmannen tilbake til.

Formannskapet vedtok rådmannen sitt framlegg til vedtak.

FS - vedtak:

Budsjett 2018 vert regulert i samsvar med saksutgreiinga ovanfør, og gir følgjande skjema 1a, 1b og 2b:

Drift (skjema 1a)	Budsjett 2018	Regulering	Regulert budsjett
Skatt på inntekt og formue	(121 100 000)	499 000	(120 601 000)
Rammetilskot	(168 988 000)	(1 070 000)	(170 058 000)
Eigedomsskatt	(15 197 000)		(15 197 000)
Generelle statstilskot	(15 104 500)	(1 271 000)	(16 375 500)
Renteinntekter og utbytte	(3 987 000)	(1 000 000)	(4 987 000)
Renteutgifter	5 609 000	156 000	5 765 000
Avdragsutgifter	8 994 000	21 000	9 015 000
Sum frie inntekter	(309 773 500)	(2 665 000)	(312 438 500)

Drift (skjema 1b)			
Stab og fellestenester	20 137 793	-	20 137 793
Oppvekst	121 376 275	303 000	121 679 275
Helse og omsorg	131 304 599	1 793 000	133 097 599
Drift og forvaltning	34 992 122	569 000	35 561 122
Sum drift	307 810 789	2 665 000	310 475 789
Netto	(1 962 711)	-	(1 962 711)

Investering (skjema 2b)	Regulering
Solhall, auka kostnad	
Bustadsosial handlingsplan, først i 2019	-1 800 000
Radøyhallen, uaka kostnader	700 000
Bø barnehage, større del i 2019	-10 000 000
Netto endring	-11 100 000

Redusert investeringsramme vert finansiert gjennom redusert bruk av lån.

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
039/2018	Formannskapet i Radøy	PS	07.06.2018
026/2018	Kommunestyret i Radøy	PS	21.06.2018

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Sveinung Kvamme	18/1479	18/7833

Økonomiplan 2019 - 22

Saksopplysingar:

Vurdering

Rådmannen legg med dette fram økonomiplan for perioden 2019-22 til politisk handsaming, jf særskilt dokument.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Økonomiplan for Radøy kommune for perioden 2019-22 vert godkjent slik den ligg føre.

Formannskapet i Radøy - 039/2018

FS - handsaming:

Økonomisjef Sveinung Kvamme orienterte i saka. Han peika mellom anna på den stigande gjeldsbyrda som kommunen vil få utover i økonomiplan-perioden og inn i Alver kommune.

Formannskapet ønskjer å vera sitt ansvar bevisst som Radøy kommune, og vil ta dei nødvendige debattane og gjera noko med den økonomiske situasjonen før kommunen blir ein del av Alver kommune. Vidar Grindheim (H) sa at Radøy-politikarane har plikt på seg til å sjå til at investeringane er rasjonelle og fornuftige.

Ordførar Jon Askeland sette fram følgjande felles oversendingsframlegg til kommunestyret:

Formannskapet meiner kommunestyret må ta ansvar for Radøy kommune sine økonomiske utfordringar og ikkje overlata dette til Alver kommune. Formannskapet meiner at ved framlagde økonomiplanar frå Lindås og Meland må Radøy vurdere økonomiplanen på nytt for å få konsolidert økonomiplan på plass.

Formannskapet slutta seg til oversendingsframlegg sett fram i møtet.

Formannskapet vedtok rådmannen sitt framlegg til vedtak.

FS - vedtak:

Økonomiplan for Radøy kommune for perioden 2019-22 vert godkjent slik den ligg føre.

Vedlegg:

Økonomiplan 2019-22 FS

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
043/2018	Formannskapet i Radøy	PS	07.06.2018
027/2018	Kommunestyret i Radøy	PS	21.06.2018

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Arthur Kleiveland	18/288	18/7966

Utviding av IKT-samarbeidet - konseptstudie

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Radøy kommunestyre slutta seg 15. februar 2018 til omorganisering av IKT Nordhordland til eit §27-selskap. Kommunestyret sa også ja til å gjennomføra ein konseptfase som skal utgreia spørsmålet om utviding av samarbeidet, i tråd med vedlagte prosjektmandat.

Det vart gjort likelydande vedtak i alle IKT NH sine eigarkommunar.

Det er no gjennomført ein konseptfase for å utgreia og avklara grunnlaget for ei eventuell utviding av IKT-samarbeidet med fleire kommunar. Hovudkonklusjonen er at ei overordna vurdering viser at ein kan levera dagens teneste til fleire kommunar med eit positivt økonomisk resultat, som dei samarbeidande kommunane vil kunne nytta til investeringar i digitalisering utan å auka totalkostnadane for IKT.

Konseptstudiet konkluderer med at det er grunnlag for å få til ei utviding av IKT NH. Det vert peika på at ei utviding vil gje IKT NH eit betre grunnlag for å levera dei tenestene som trengs i framtida, både med omsyn til kvalitet og kapasitet.

Austevoll kommune får i dag levert tenester frå IKT NH. I konseptfasen har Samnanger og Gulen vist konkret interesse, men også andre kommunar har vore positive til å vera med i framtida.

Rådmannsutvalet handsama saka 27. april 2018 og gjorde følgjande vedtak:

Rådmannsutvalet i regionrådet Nordhordland tar rapporten til vitande og ber om at eigarkommunane i IKT NH går vidare med neste fase i utgreiinga. Dersom Gulen kommune er klar for å gå inn i §27-samarbeidet før hovudprosjektet er ferdigstilt, så er rådmannsutvalet positiv til det. Rådmannsutvalet er også positiv til at Samnanger kan takast inn på same vilkår som Austevoll i dag har, men at fullverdig medlemskap for desse kommunane vert vurdert gjennom hovudprosjektet.

Rådmannsutvalet tilrår at kommunane gjer følgjande likelydande vedtak:

Arbeidet med å få til ei utviding av IKT Nordhordland med fleire kommunar bør starta så raskt som mogleg. NN kommune er positiv til at hovudprosjektet som skal koma med konkrete forslag til utviding vert starta opp.

Gulen kommune er i dag fullverdig medlem i Regionrådet og samarbeider tett med dei andre kommunane innanfor mange tenester. Dersom Gulen kommune er klar til å gå inn i §27-samarbeidet før hovudprosjektet er ferdigstilt, så er NN kommune positiv til det.

Vurdering

Kommunane, innbyggjarane og næringslivet sine krav og forventningar til digitalisering av kommunale tenester og arbeidsprosessar aukar sterkt. Nordhordland må møte denne utfordringa med å sjå på korleis ein organiserer og nyttar ressursane. Gjennom IKT NH har Nordhordland ei felles IKT-teneste som leverer drift, forvaltning og støtte til kommunane. Kommunane i Nordhordland deler på kostnadene på IKT NH og dei tenestene som vert produsert gjennom selskapet. IKT NH kan nytta ressursane på ein meir optimal måte dersom ein får til ei utviding med fleire kommunar.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Arbeidet med å få til ei utviding av IKT Nordhordland med fleire kommunar bør starta så raskt som mogleg. Radøy kommune er positiv til at hovudprosjektet som skal koma med konkrete forslag til utviding, vert starta opp.

Gulen kommune er i dag fullverdig medlem i Regionrådet og samarbeider tett med dei andre kommunane innanfor mange tenester. Dersom Gulen kommune er klar til å gå inn i §27-samarbeidet før hovudprosjektet er ferdigstilt, så er Radøy kommune positiv til det.

Formannskapet i Radøy - 043/2018**FS - handsaming:**

Rådmann Jarle Landås peika det nærmar seg ei utviding av fleire aktørar i Nordhordland IKT-samarbeidet. Gulen er ein del av Nordhordlands-samarbeidet og står nærmast til å bli medlem i IKT-samarbeidet. Fleire andre kommunar bankar også på døra, men før det vert tatt stilling til desse søknadane skal det gjerast ei vidare utgreiing.

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen si tilråding.

FS - vedtak:**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Arbeidet med å få til ei utviding av IKT Nordhordland med fleire kommunar bør starta så raskt som mogleg. Radøy kommune er positiv til at hovudprosjektet som skal koma med konkrete forslag til utviding, vert starta opp.

Gulen kommune er i dag fullverdig medlem i Regionrådet og samarbeider tett med dei andre

kommunane innanfor mange tenester. Dersom Gulen kommune er klar til å gå inn i §27-samarbeidet før hovudprosjektet er ferdigstilt, så er Radøy kommune positiv til det.

Vedlegg:

IKTNH Utviding konseptfase 2.0

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
044/2018	Formannskapet i Radøy	PS	07.06.2018
028/2018	Kommunestyret i Radøy	PS	21.06.2018

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Lisbeth Toppe Alvær	18/1599	18/8668

Etablering av Nordhordland brann og redning

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Kommunane Lindås, Meland, Modalen, Radøy og Austrheim har over fleire år jobba saman om å vurdere beredskapsorganiseringa i regionen. Dette med bakgrunn i nye krav og forventningar til den kommunale brann- og redningstenesta, og prosessen med kommunesamanslåing. Desse kommunane er i dag organisert med vertskommunesamarbeid mellom Lindås, Meland og Modalen, medan Radøy og Austrheim har eigne brann- og redningsorganisasjonar.

Det er gjennomført fleire analyser og utgreiingar knytt til eit større regionalt brann- og redningsvesen i Nordhordland. Våren 2017 blei det presentert ein mulegheitsstudie for å vurdere etablering av ei felles regional brann- og redningsteneste i Nordhordland. Studien viste at regionen samla sett har høg kompetanse på beredskap, godt og moderne utstyr og mange ressursar å spele på. Dette gjeld både for den enkelte kommune og for industrien på Mongstad. Men basert på det framtidige risikobildet i regionen og nye krav for brann- og redningstenesta, viste studien at desse ressursane og kompetansen kan bli nytta på ein betre måte om ein organiserer brann- og redningstenesta i ei større eining - med felles leiing og større kompetansemiljø.

Eit sentralt element i denne vurderinga er krav og forventningar som blir lagt til framtidige brann- og redningstenester. Dette gjeld mellom anna:

- Forslag til ny dimensjoneringsforskrift, som krev at alle brann- og redningsvesen skal ha brannsjef, varabrannsjef og leiari for førebyggjande i heile stillingar. Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) planlegg å legge ut forskrifta på høyring hausten 2018 med verknad frå 01.01.2019.
- Førebyggjande forskrift, der brann – og redningstenesta får eit større ansvar for arbeidet med det førebyggjande arbeidet, mellom anna knytt til risikovurderingar og oppfølging av planar basert på definert risiko.

- Utdanningsreform for deltidspersonell, der kravet til utdanning og øving for deltidspersonell blir skjerpa.
- Andre oppgåver som er lagt til brann og redning på grunn av meir ekstremvær og konsekvensar av reformar i politi og helsevesen.

Mulegheitsstudien tilrår at dagens tre beredskapsorganisasjonar i kommunane Lindås, Meland, Modalen, Radøy og Austrheim blir slått saman. Det førebyggjande arbeidet blir vidareført gjennom NGIB og det blir ei samordning av feiartenesta.

Etablering av Nordhordland brann og redning (NHBR)

Basert på tilrådingane frå mulegheitsstudien blei det hausten 2017 etablert eit nytt samarbeidsprosjekt mellom dei same kommunane, med mål om konkret etablering av Nordhordland brann og redning. Fase 1 av dette prosjektet er vedtak om ny brannordning og samarbeidsavtale, som er bakgrunn for denne politiske saka. Fase 2 er konkret etablering av ny organisasjon. Målet er at Nordhordland brann og redning er operativ frå 01.01.2019.

Rammer for Nordhordland brann og redning

I framlegg til ny brannordning og samarbeidsavtale er det lagt opp til følgjande hovudelement:

- Namnet for samarbeidet er Nordhordland brann og redning.
- Samarbeidet gjeld for kommunane Lindås, Meland, Radøy, Austrheim, og Modalen. Frå 01.01.2020 blir det kommunane Alver, Austrheim og Modalen.
- Samarbeidet blir organisert som eit vertskommunesamarbeid etter kommunelova §28b, der Lindås kommune er vertskommune (Frå 01.01.2020 er Alver vertskommune).
- Prosessen blir gjennomført som ei verksemdsoverdraging.
- Prosessen med organisering og plassering i roller blir gjennomført i samsvar med omstillingsavtalen for Alver kommune.
- Det er valt same modell for organisering og struktur som vertskommunen (Alver kommune), med brannsjef som tenesteleiar og avdelingsleiarar for operativ avdeling, førebyggjande avdeling og feiar/bustadtilsyn.
- Området blir delt opp i fem brannvern- og beredkapsområde:
 - Hovudbrannstasjon (inntil vidare) plassert i Knarvik-området (Det kan bli endringar ved ny brann-ROS for Mongstad-området)
 - Lokalstasjon plassert på Lindås/Kaland (med felles vaktlag)
 - Lokalstasjon plassert på Mastrevik
 - Lokalstasjon plassert ved Manger sentrum
 - Lokalstasjon plassert på Mo og eit deponi ved Øvre Helland.
- Det brannførebyggjande arbeidet blir vidareført gjennom NGIB som er eit felles samarbeid mellom 9 kommunar i regionen. Dette samarbeidet har eigen avtale.
- Feiartenesta skal samordnast for alle kommunane i Nordhordland brann og redning
- Samarbeidet skal vere dimensjonert for å handtere særskilde risikoobjekt, til dømes industrien på Mongstad.
- Den operative organiseringa er ei samordning av brann- og redningstenesta for dei fem kommunane. Det betyr ei organisering der ein i større grad går frå ei tilkallingsorganisering, til ein meir føreseieleg modell, med større grad av vaktplanar som sikrar tilstrekkeleg og førehandsdefinert bemanning til ei kvar tid, som då er tilgjengeleg og rykker ut innafor

lovpålagte krav til innsatstid.

- Ved stasjonane skal det minimum vere tilknytt 16 mann for å sikra nok ressursar som kan møte hendingar.
- Det blir lagt opp til opptrappingsplan for øvingstid frå 40 til 48 timar øving per år innan 2023. Dette gjeld for alt mannskap på alle stasjonar, dette på grunn av auka grad av spesialisering og andre type oppdrag (Eks. PLIVO).
- Samarbeidet inngår felles avtale med IUA (Akutt forureining)
- Kostnadane blir fordelt med 12% fast fordeling, resten etter folketal.
- Den enkelte kommune står for investeringar knytt til stasjonane, stasjonane må vere i samsvar med krav frå Arbeidstilsynet. NHBR leigar arealet av kommunen.
- Bilar og utstyr som kommunane eig skal vere disponibelt for samarbeidet.
- Investering av nye bilar og nytt utstyr blir handtert av samarbeidet.
- Andre kommunar kan søke om deltaking i samarbeidet.

Vurdering

Kommunen har eit generelt og grunnleggjande ansvar for å ta vare på innbyggjarane sin sikkerheit og tryggleik innanfor sitt geografiske område. Etter brann- og eksplosjonsvernloven § 9, 1. ledd skal kommunen sørgje for å etablere og drifte brann- og redningsvesen som kan ta vare på førebyggjande og beredskapsmessige oppgåver som lova krev, på ein effektiv og sikker måte. Kommunen skal gjennomføre ein risiko- og sårbarheitsanalyse, slik at brann- og redningsvesenet blir best mogleg tilpassa dei oppgåvene det kan bli stilt overfor.

Krav og oppgåver til dei kommunale brann- og redningsvesen har auka dei seinare åra, og det er forventa ytterlegare krav som gjer det krevjande å handtere dette for enkeltkommunar. Dette er derfor eit område det er fornuftig å sjå på større samarbeid på tvers av kommunar. Ved å etablere Nordhordland brann og redning får ein bygd opp ein større kompetanseorganisasjon som bidrar til auka beredskap i regionen. Den nye organisasjonen vil støtte krav til leiing, kompetanseutvikling og systemarbeid. Det blir også ein organisasjon som har evne til å handtere større og lengre aksjonar med eigne ressursar.

Sentrale endringar:

Samanlikna med dagens organisering (spesielt for Radøy og Austrheim) er det lagt opp følgjande endringar:

- Felles leiing med heiltidsstillingar for brannsjef, varabrannsjef og leiar for førebyggjande.
- Ny vaktordning med totalt 115 deltidstilsette. Det betyr ei organisering der ein i større grad går frå ei tilkallingsorganisering, til ein meir føreseieleg modell, med større grad av vaktplanar som sikrar tilstrekkeleg og førehandsdefinert bemanning til ei kvar tid. Desse vil vere tilgjengeleg og rykker ut innafor lovpålagte krav til innsatstid.
- Det blir tilsett ein fagleiar for deltidstyrken. Med 115 deltidstilsette er det viktig å ha ein koordinator som kan handtere drifta og oppfølginga av dette mannskapet. I tillegg bli det lagt inn ein ressurs som er ansvarleg for kurs, kompetanseutvikling og systemarbeid. Denne personen skal sikre at heile brann- og redningstenesta har felles system for kvalitetsarbeid,

internkontroll, opplæring og planar. Her er det også potensiale for inntekter på ekstern aktivitet.

Ny brann-ROS på Mongstad

Mongstad-området har i dag ein gamal brann-ROS og det er usikkert om den nye organiseringa av NHBR er dimensjonert i samsvar med dagens risikobilde i dette området. NHBR må starte arbeid med ny brann-ROS for Mongstad-området så snart som muleg. Den nye brann-ROS kan få konsekvens for organisering av beredskapen i dette området.

Økonomi og finansiering

- Det er lagt opp til ein kostnadsmodell med 12 % fast fordeling og resten fordelt etter folketal. Fast sum på 12 % gir kr 713.300 per kommune i 2019 og ca kr 1.200.000 i 2020 (etter at Alver er etablert)
- Totalkostnad for samarbeidet i 2019 blir kr 29,7 mill. Kostnaden for desse brannverna i dag er samla sett 28,5 mill. Ekstra kostnad skuldast nye stillingar og ny vaktordning i nytt samarbeid. Kostnadane går i hovudsak til å dekkja løn, auka øvingstid, omprofilering av utstyr og materiell og til kulturbygging/organisasjonsutvikling.

Kostnadsfordeling per kommune:

Fordeling utgifter 2019				
Netto ramme				29 724 033,00
Fast fordeling		12 %		3 566 883,96
Fordeling etter folketall				26 157 149,04
	Folketall	Fast fordeling	Etter folketall	Total fordeling
Austrheim	2884	713 376,79	2 345 174,18	3 058 550,97
Lindås	15751	713 376,79	12 808 196,43	13 521 573,22
Meland	8021	713 376,79	6 522 414,04	7 235 790,83
Radøy	5128	713 376,79	4 169 921,36	4 883 298,15
Modalen	383	713 376,79	311 443,03	1 024 819,83
Sum folketall	32167			
Fordeling utgifter 2020				
Netto ramme				29 724 033,00
Fast fordeling		12 %		3 566 883,96
Fordeling etter folketall				26 157 149,04
	Folketall	Fast fordeling	Etter folketall	Total fordeling
Austrheim	2884	1 188 961,32	2 345 174,18	3 534 135,50
Modalen	383	1 188 961,32	311 443,03	1 500 404,35
Alver	28900	1 188 961,32	23 500 531,83	24 689 493,15
Sum folketall	32167			

Tabellen under viser kva som er budsjettert i 2018 for kvar kommune, samanlikna med kva kostnad det blir per kommune i Nordhordland brann og redning (NHBR) i 2019 og frå 2020. I tillegg er det lagt

inn ei kolonne til høgre som viser kostnader f. eks Radøy, Austrheim og Modalen vil ha med eige brannvern frå 2019. Her er det berre lagt inn kostnader for å kunne dekke kravet om heile stillingar. Ny vaktordning og andre funksjonar er ikkje lagt inn.

	2018	2019	2020	Ikkje bli med i samarbeid.
Radøy	4.138.566	4.883.298		5.338.000
Austrheim	2.942.000	3.058.551	3.534.135	4.400.000
Modalen	1.026.402	1.024.820	1.500.404	2.680.554
Lindås	13.481.210	13.521.574		
Meland	6.874.388	7.235.790		
Alver			24.689.493	

Konkrete endringar og konsekvensar for Radøy kommune

- Radøy kommune har i dag brannsjef i 50 % stilling.
- Kommunen har ei overbefalsvakt (24 t) og tilkallingsmannskap.
- Det er behov for eit løft på formell kompetanse hjå brannmannskap, for å stette kompetansekrav.
- Kommunen har avvik på krav frå Arbeidstilsynet, jf «rein brannmann», som må lukkast.
- Mannskapet har 20 timar med øving i året.
- Feiartenesta treng eit løft på systemarbeid, arbeid med risikovurdering og oppfølging av lovkrav knytt til fritidsbustad/hytter.
- Brannvernet i Radøy kommune har budsjettet med kr 4,14 mill i 2018. Kostnaden med å bli ein del av NHBR i 2019 er kr 4,9 mill. Ei auke på i underkant av 800.000.
- Radøy kan også stå utanfor i 2019, før ein går inn i Alver kommune. Men for å stette krava til ny dimensjoneringsforskrift må Radøy då tilføre brannvernet 1,5 stilling. Då blir kostnad på over 5,3 mill.
- Mannskapet blir overflytta til Lindås som vertskommune.
- Kommunen har ansvar for å ha ein stasjon i samsvar med krav, det gjeld om ein er med i samarbeidet eller ikkje.
- Det blir etablert ei ny vaktordning med sjåfør og uttrykingsleiing på Manger. Dette sikrar leiing og utstyr til skadestad innan lovpålagt tid.
- Feiar i Radøy blir ein del av samarbeidet frå 01.01.19.

Konklusjon

Etablering av Nordhordland brann og redning vil styrke beredskapen på Radøy og i regionen, t.d. gjennom ny vaktordning, heilskapleg leiing og systemarbeid, meir øvingstid og fokus på kompetanseutvikling. Dette blir også ein organisasjon som kan handtere større og meir komplekse beredskapssituasjonar.

Fleire tenesteområde i Radøy kommune er allereie i prosess for å slå seg saman med Lindås og Meland allereie i løpet av 2018 og 2019. Rådmannen vurderer det som hensiktsmessig at også brannvernet er med i prosessen frå oppstarten 01.01.2019. Radøy brannvern blir uansett ein del av Nordhordland brann og redning i regi av Alver kommune i 2020. For Radøy kommune blir det ein kostnadsauke på ca kr 800.000 i 2019 for å vere med i Nordhordland brann og redning.

Rådmannen rår til at Radøy kommune godkjenner ny brannordning og samarbeidsavtale for å etablere Nordhordland brann og redning. Kostnader med samarbeidet blir innarbeidd i samband med budsjett og økonomiplan.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Radøy kommune godkjenner brannordning og samarbeidsavtale for etablering av Nordhordland brann og redning (NHBR).
2. Kostnader for deltaking i samarbeidet blir handsama i samband med arbeidet med budsjett og økonomiplan.

Formannskapet i Radøy - 044/2018

FS - handsaming:

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

FS - vedtak:

1. Radøy kommune godkjenner brannordning og samarbeidsavtale for etablering av Nordhordland brann og redning (NHBR).
2. Kostnader for deltaking i samarbeidet blir handsama i samband med arbeidet med budsjett og økonomiplan.

Vedlegg:

SAMARBEIDSAVTALE NHBR ferdig versjon_

Rapport Mulighetsstudie NHBR

Felles brannordning - endelig versjon